

Merknadar og uttalar i høyringsperioden

Generelt

Merknadar til planføremåla

Planformål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Generelt	Fiskeridirektoratet	Plankartet ber litt preg av manglande avveining; ønsker ein å prioritere akvakultur eller fiske i enkelte område? Kospfrmmunen kan med fordel bruke litt skjønn i innteikninga av føremåla. Dette gjeld særleg der akvakultuområda ser ut til å vere lagt oppå fiskeområde. Område for akvakultur og fiske lar seg sjeldan kombinere og då gjev det litt feil inntrykk visuelt at desse ikkje er skilt frå kvarandre. Vi minner også om fiske- og ferdselforbod rundt akvakulturanlegg. Det er forbode å drive fiske nærare anlegget enn 100 meter, jf. akvakulturforskriften § 18. Bokstavane i dei ulike føremåla må få større font, slik at det vert lesarvennleg.	Merknaden er teke til følge. Det vert gjort ei ny avveining angående arealføremål i sjø. Fiskeområde vert lagt minst 100 meter frå akvakulturanlegga, og vi forstørrer fonten på arealføremålsnamna.
	Kystverket	Kystverket vil ha inn konturane til nabokommunane med landskapsformene slik farleilinjene vil koma betre fram og det er lettare å tyde formålet med linjene. I samband med innsegling til hamner kan ein ikkje ha fiske som ein-bruk arealføremål. Ferdsel må inngå i arealføremålet.	Merknaden er teke til følge. Konturane av nabokommunen vert lagt inn. Arealføremål framføre hamner vert endra.
Spreidd busetnad	NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn	NAF registrerer at både post, butikk og andre tenester forsvinn frå dei mest avsidesliggande grendene. Samstundes vert fleire bussruter avvikla og drosjeselskap som ikkje har avtale med Pasientreiser er ikkje lenger lønnsame og vert lagt ned. For personar som ikkje kan køyre bil sjølve gjev dette redusert mobilitet og høve til å få utført naudsynte ærend. Å samle busetnaden i bustadfelt gjev fordelar i høve framtidig tenesteyting som heimehjelp, serviceskyss, med meir. Samstundes meiner dei at det vil vere viktig å ivareta busetnad på gardar og oppretthalde landbruk og dyrka jord. Skal Fjaler kommune tillate spreidd busetnad, må det takast høgde for framtidig tenesteyting.	Merknaden er teke til etterretning. Det er lagt opp til ein del ny busetnad kring bygdesentera, samstundes som ein ynskjer å utvikle alle delar av kommunen og ha busetnad også i utkantane. Kommunen har ein eigen helsestrategi som legg opp til at folk skal kunne bu heime lengst mogleg, men at hovudtynga av tenesteytinga blir lagt til sentrum.

	STFV	<p>Det er relativt store område som er sett av til spreidd utbygging. Fleire av områda ber i tillegg preg av å vere feltutbygging og reiser problemstillingar som, etter vår vurdering, automatisk utløyser krav om reguleringsplan etter §12-1 i pbl. Etter det vi kan sjå gjer dette seg gjeldande for til dømes: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.</p> <p>Vi meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren.</p> <p>Utdrag av rettleiar for LNF-spreidd: «<i>For at LNFR spreidd bebyggelse skal være riktig arealformål må områdets overveiende karakter være åpen og ikke tett bebygget... Antall enheter og avstanden mellom dem er eksempler på viktige vurderingskriterier</i>».</p> <p>Vi meiner kommunen må stille krav om avstand mellom tomtene, eller avsetje områda som byggeområde for bustad, fritidsbustad eller næring med plankrav. Ny utbygging innan LNF-spreidd må ta betre omsyn til strandsona, dyrka mark og myr. Spreidd utbygging må styrast vekk frå viktige areal med myr, strandsona, verdifullt kulturlandskap og interessene nemnt i §3.2a punkt 1 i føresegnene.</p> <p>Planforslaget opnar for utviding av små bustadar og fritidsbustadar innanfor område avsett til spreidd utbygging for bustadar og fritidsbustadar utan at det er tydeleggjort om konsekvensane av dette er tilstrekkeleg vurderte, jf. §§ 3.2.1, 3.2.2 og 3.2.3 i føresegnene.</p> <p>Ifølgje §§2.1 og 2.2 er utnyttingsgraden for bustadar BRA=400 m² og for fritidsbustadar 160 m². Planforslaget opnar for at ein eksisterande fritidsbustad med BRA=60 m² kan utvidast til BRA=160 m² i LNF-spreidd. Vi er sterkt kritiske til dette.</p> <p>Fjaler kommune må vurdere lågare utnyttingsgrad i særleg eksponerte område, og der utbygging er uheldig for landskapsverdiane slik som i område langs sjøen. Vi meiner kommunen ikkje kan opne generelt for utviding av små eksisterande bustadar og fritidsbustadar i strandsona eller andre stadar på denne måten.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Det er gjort mange endringar på fleire av dei spreidd områda for å imøtekomme merknaden. Tal tillatne bustadar er redusert i mange av dei spreidd områda slik ein både sikrar avstand mellom einingane og at det ikkje utløyser krav til reguleringsplan. Samstundes har ein i mange tilfelle redusert områda slik at dei minst mogleg ligg på myr og flytta føremålsgrensa lenger vekk frå sjø. Einskilde arealføremål er kommentert under.</p>
--	------	---	---

		<p>I tilbakemeldinga etter arbeidsmøtet 24.03.2020 skreiv vi m.a.: «<i>Når kommunen gjennom arealdelen til kommuneplanen ønskjer å leggje til rette for utvikling av bygdene ved å avsetje område for LNF-spreidd, så må ROS-analysen for desse områda vere uttømmande, noko vi ikkje kan sjå er tilfelle her</i>».</p> <p>Vi kan framleis ikkje sjå at dette er gjort, jf. § 3.2 i føresegnene der det står: <i>Ved frådeling innanfor mogleg risikoutsett areal, må ein dokumentere akseptabel tryggleik gjennom fagkunnige undersøkingar og ev. kome med avbøtande tiltak.</i></p> <p>Vurderingane i KU er ikkje følgt opp for alle byggeområde, som døme nemner vi SPFR1:</p> <p>Utdrag av konsekvensutgreiinga, vurdering av strandsona i SPFR1: «<i>Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av ei fritidsbustad til og vil dermed ikkje påverke strandsona negativt. Føremålsgrensa i nordaust bør avgrensast til å gå langs eksisterande bebyggelse/eigedomsgrense</i>».</p> <p>Området er lagt ut som LNF spreidd-område, og i planføresegnene blir det opna for inntil fem nye tomter. I tillegg går ikkje «<i>føremålsgrensa i nordaust langs eksisterande bebyggelse/eigedomsgrense</i>».</p>	
Fritidsbusetnad (BFR)	STFV	<p>Dersom kommunen legg opp til fortetting i områda utan krav om reguleringsplan, må dette kome fram av føresegnene, og tomtetalet må avgrensast. Områda må vere avklarte m.o.t. samfunnstryggleik, støy/folkehelse, VA-løysingar osv. Ifølgje KU er det vurdert at det er plass til 0-2 nye tomter innanfor kvart av områda BFR2-BFR6. For BFR4 og BFR 5 oppfattar vi at det i planomtalen er vurdert at det er plass til høvesvis tre og fem nye tomter. I planomtalen er også BFR1, BFR40 og BFR41 omtala.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Tal nye tomter vert justert i henhold til KU.</p>
Kombinerte områder for utbygging(BKB)	STFV	<p>Planføresegnene opnar for å etablere forretning i både BKB1, BKB21 og BKB22. BKB1 er eksisterande butikk iflg. KU. Vi er ikkje sikre på kva forretningsverksemd kommunen ser for seg i BKB21 og BKB22.</p> <p>Jamfør gjeldande planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (handelsføresegna): «<i>All handelsverksemd skal lokaliserast innanfor sentrumsavgrensinga</i>». Kb21Vi saknar ei vurdering av kva konsekvensar det kan ha for sentrumsføreålet i Flekke å opne for forretningsverksemd i BKB21 og BKB22, og ei vurdering av områda opp mot føringane i BATP.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Underføreålet forretning vil ikkje lenger vere ein del av BKB21 og BKB22. Sentrumsavgrensinga vert fjerna.</p>

Byggeklare tomter	Fjaler eldreråd	Eldrerådet er opptekne av at kommunen skal legge til rette for byggeklare tomter for unge familiar som ønsker å busette seg i kommunen. Særleg i Flekke og i Dale er dette aktuelt, og eldrerådet meiner kommunen bør få fortgang i arbeidet med å utvikle dei aktuelle områda. Eldrerådet er svært bekymra for at kommunen steller seg slik at treigheit i det kommunale systemet gjer at folk heller flyttar ut av kommunen til byggeklare tomter i andre kommuner.	Merknaden er teke til følge. Kommunen jobbar med å løyse denne problemstillinga.
Føresegnene	MDG	<p>Har kome med innspel på å legge inn følgjande føresegn:</p> <p>Rekkefølgekrav (PBL § 11-9, nr. 4)</p> <ul style="list-style-type: none"> • For å sikre trygg skuleveg, skal gang- og sykkelveg frå Borthheim til Dale opparbeidast før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar i bustadområdet B40. <p>Byggegrense til dyrka jord (PBL § 11-9 nr. 5)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det kan ikkje byggjast eller frådelast nærare enn 10m frå fulldyrka- og overflatedyrka jord. (= Krav om buffersone mellom dyrka jord og ny tomt eller tiltak, herunder busetnad.) <p>Miljøkvalitet (PBL § 11-9 nr 6)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planen skal utgreie og avklare nødvendige miljøkvalitetar, miljøoppfølging og miljøkonsekvensar før, under og i etterkant av gjennomført planprosess. Det skal leggjast særleg vekt på klima, transport og miljøvenlege løysingar. <p>Det skal brukast miljøvenlege materiale i nye bygg.</p> <p>Med heimel i plan- og bygingslova § 11-9 nr. 6 (miljøkvalitet) skal akvakulturanlegg i dei framtidige akvakulturlokalitetane og i det utvida arealet i eksisterande akvakulturlokalitetar vere utsleppsfrie.</p> <p>Dei har og kome med ei liste over tilhøve som skal avklarast i reguleringsplanar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Krav om plan for omdisponering av matjord (matjordplan), skal vere eit utgreiingskrav/innhaldskrav til reguleringsplanar etter pbl. § 11 9 nr.8. 	Merknaden er teke til etterretning. Rekkefølgekrav: Føresegna vert ikkje lagt inn. Delar av strekninga vert teke omsyn til i samband med reguleringsplan for Bjerga. Byggegrense til dyrka jord: Dette vert ikkje lagt inn. Miljøkvalitet: Ingen av dei føreslegne føresegnene er høvelege å ta inn. Mange av dei tilhøva dei ynskjer avklart i reguleringsplan er tilhøve som allereie skal avklarast i alle reguleringsplanar i dag.

	<ul style="list-style-type: none">• For tiltak som medfører flytting av massar ut og/eller inn av byggeområdet (inkludert matjord) skal det i samband med reguleringsplanen/søknaden utarbeidast ein massehandteringsplan som også inkluderer vurderingar knytt til transport av massane og grunnforhold/andre aktuelle forhold i mottaksområdet.• Forholdet til naturmangfaldlova skal skildrast i reguleringsplanar. Det skal gjerast ei vurdering om reguleringsplanforslaget bør omfatte utgreiingar om biologisk mangfald og viktige naturtypar.• Før tiltak etter plan- og byggingslova § 20-1 løyvast, skal omsynet til naturmangfald vurderast i medhald av naturmangfaldlova §§ 7-12.• Reguleringsplanforslag som omfattar vatn og vassdrag eller som kan få konsekvensar for nærliggjande vatn og vassdrag, skal skildra konsekvensane og eventuelle avbøtande tiltak.• Ved større planar eller tiltak som kan få betyding for miljø og samfunn, skal det utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP) som vedlegg til planforslaget eller tiltaket.• Ved fortetting og utbygging av nye og eksisterande byggeområde skal den overordna grønstrukturen takast vare på i samband med plan- og byggesaker og utviklast, medrekna eksisterande turveggar, stiar, tråkk og andre gang- og sykkelsamband til mark, vassdrag og sjø, samanhengande grønne område og område for leik og rekreasjon.• Kommunen si gjeldande klimaplan, skal leggjast til grunn for planhandsaming og andre tiltak i saker etter Plan- og bygningslova.• Klimagassutslepp ved bygging, og transport som genererast av ferdigstilt anlegg skal vurderast i alle reguleringsplanar.	
--	---	--

	STFV	<p>Vi meiner kommunen bør nytte føresegnene til å setje vilkår for gjennomføring av tiltak slik vi har peika på over når det gjeld t.d. byggjeområde med myr, avgrensing av kva som kan etablerast i BA-område, ev. nye tomter i BFR-områda, etablering av flytebyggjer m.m. Det er i KU peika på mange gode grep knytt til utbygging av ulike byggjeområde utan at det syner att i føresegnene. Vi meiner føringane frå KU må innarbeidast i føresegnene.</p> <p>1.6.1.a</p> <p>Vi meiner kommunen bør stille krav om minimum 50 m2 til leikeplass til kvar bueining, og vurderer at 25 m2 er for lite.</p> <p>2.1. område for bebyggelse og anlegg (BA1 og BA2)</p> <p>Kommuneplanen avgrensar ikkje bruken av BA-områda. Det er ingen føringar knytt til kva som kan etablerast i desse områda.</p> <p>Av KU finn vi at BA1 omfattar gamle Hellevik skule. Det er opplyst at området er utbygd. Ifølgje KU skal bruken vere den same som i dag. Utnyttingsgraden er sett til %-BYA=40 % i kommuneplanforslaget for BA1.</p> <p>I KU finn vi òg at det alt lagt til rette for kai i BA2, og det er ønskje om å setje området av til eksisterande bruk. Det er opplyst at området er utbygd, og at det ikkje blir lagt opp til nye eller andre tiltak og at bruken vil vere den same. Vi finn likevel følgjande avbøtande tiltak: Ved nye tiltak må området vurderast i forhold naturfare og kulturarv. Vi oppfattar at det kan vere planar om nye tiltak i området, men i så tilfelle må det innarbeidast føringar for dette i planen.</p> <p>Punkt 2.4c</p> <p>Det er ikkje lov å dispensere frå saksbehandlingsreglar. Er det krav om dispensasjon kan ikkje kommunen ha ei føresegn som seier at ein kan gje løyve til tiltak utan dispensasjon.</p> <p>2.10 AB-områda (andre typar bygningar og anlegg)</p> <p>I planomtalen er AB-områda omtalt som område for småbåtanlegg, kaiar og naust. I § 2.10.1f i føresegnene er det sagt at naust, kaiar og småbåtanlegg skal planleggast som fellesområde. Det manglar føringar for etablering av kaiar og småbåtanlegg i føresegnene, noko som må innarbeidast. Når det ikkje er tydlege føringar for slik etablering, er det vanskeleg å vurdere kva konsekvensar dette ev. kan få.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Vi legg inn fleire føringar som er basert på KU. 161.a Foreslege endring takast inn. 2.1. ... 2.4c tilbakemelding følgast opp. 2.10 Føringar for etablering av kaiar og småbåtanlegg leggast inn. 6. ... 1.3 Kommunen tek ein gjennomgang over områder med krav til reguleringsplan og utbyggingsområder der myr er ein del av arealføremålet. Føringar for bygging i eit LNF-spreidd som inneheld myr vert lagt inn for å verne om myrområda. På område BA1 vil ein presisere kva som er tillate framtidig bruk. Område BA2 er redusert. Vi legg inn ei innleiing under retningslinjene i føresegne som beskriv dispensasjonsprosessen. Kapittelet ynskjer vi å behalde.</p>
--	------	---	---

	<p>Vi konstaterer at kommuneplanforslaget avgrensar etableringa av nye naust til 15 naust i planperioden fordelt på åtte av AB-områda.</p> <p>Vi ser at nokre av AB-områda ligg i tilknytning til område avsett til småbåthamner (SH) der § 4.4. i føresegnene gjeld.</p> <p>Kap 6 Retningslinjer</p> <p>Retningslinjene gjev inntrykk av at du kan forvente å få dispensasjon så lenge søknaden tilfredsstillar føringane i kap. 6. Retningslinjene gjev inntrykk av at dispensasjon er ein ordinær framgangsmåte.</p> <p>Vi er sterkt kritiske til at kapittelet er ein del av føresegnene. Vi meiner retningslinjer for dispensasjon ikkje bør vere ein del av føresegnene.</p> <p>6.1.1g Vi skal ha dispensasjonssøknadar som kan vere i konflikt med dei interessene vi skal ivareta til høyring og klagevurdering.</p> <p>6.1.2</p> <p>Det står i planomtalen at kommunen ønskjer å gje høve til frådelling av tomter til bygging av hus nr. 2 på garden, der dette er tenleg for gardsdrifta og folketalet i fråflyttingstruga område.</p> <p>I føresegnene til planen er det teke inn ei retningsline for dispensasjon der det under visse vilkår kan tillatast omdisponering av dyrka jord til bygging av bustadhus nr. 3 på gardsbruk. Vi er kritiske til å opne for oppføring av bustadar i LNF- områda som ikkje har eit klart landbruksmessig behov. LNF- områda skal i utgangspunktet vere ubygde til anna enn landbruksføremål. Her er det likevel lagt inn i retningslinja under punkt b ein del avgrensingar, slik at det normalt ikkje skal gjevast dispensasjon for bustader i bygdesenter eller der det er mange ubygde eller unyttta tomter.</p> <p>I §1.3 i føresegnene er det spesifisert at det er krav om reguleringsplan for ein del av byggjeområda.</p> <p>Ut frå føresegnene oppfattar vi at det er plankrav for fleire område i kommuneplanen enn dei som er lista opp i §1-3. Dette gjeld mellom anna dei fleste områda som er avsett til småbåthamn, jf. § 4.3a, strekpunkt tre.</p> <p>Vi meiner i tillegg at det kan vere andre område det er plankrav for, der det ikkje kjem like tydeleg fram av føresegnene. I tillegg, og som vi har peika på</p>	
--	--	--

		<p>over, meiner vi det òg er plankrav for nokon av områda som er lagt ut som LNF-spreidd.</p> <p>Kommunen må ha tilstrekkeleg utfyllande føresegner for alle område der det vert opna for utbygging utan krav om reguleringsplan.</p> <p>For område for råstoffutvinning er det sett ei grense på fem daa når plankravet slår inn for nye eller utviding av eksisterande uttak.</p> <p>Kommunen har hatt framlegg til kommunal planstrategi til høyring. Under kap. 3.4 <i>Miljø, klima og samfunnstryggleik</i> står det (vår understreking): «<i>Kommunen kan bidra til redusert klimagassutslepp ved å for eksempel legge til rette for auka gang- og sykkeltrafikk i bygdesentra (hovudsakleg Dale og Flekke), slik at bilbruken kan reduserast. I tillegg kan ein gjennom arealdelen sikre at myrområde vert skjerma for utbygging. Desse og fleire tiltak skal gå fram av ny energi-, klima- og miljøplan, som er ei prioritert planoppgåve i inneverande planperiode</i>».</p> <p>Kommunen sikrar ikkje i at myrområde vert skjerma for utbygging i planforslaget som ligg ute til høyring. Det er fleire område med til dels mykje myr som blir føreslegne utlagt til byggjeområde. Føresegnene manglar føringar om at ein skal unngå nedbygging av myrområda innanfor byggjeområda, dette gjeld m.a. nokre område for spreidd utbygging, råstoffutvinning, næringsområde.</p> <p>Vi meiner det må stillast krav om at nye tomter og infrastruktur i LNF-spreidd og andre område utan plankrav ikkje skal liggje på eller øydeleggje myrområde. For utarbeiding av reguleringsplanar må det stillast krav om at planforslaga skal vise korleis ein skal ta vare på myrområda innanfor plangrensa.</p> <p>Myr er ein uerstatteleg ressurs, og myr har fleire viktige funksjonar både når det gjeld å fange karbon, men òg evna myr har til å halde på vatn. Myr bidreg til å bremse turke og hindre flaum. Myr inneheld òg eit stort naturmangfald. Det er viktig å ta vare på myr og samanhengande myrområde, og å unngå inngrep som fører til at myr og myrområde vert forringa/øydelagde.</p> <p>Mål 2 i «Utviklingsplan for Vestland» seier at klima og miljø skal vere ein premiss for samfunnsutvikling. I dette ligg at vi ikkje skal ta val som bidreg negativt inn på miljømessig berekraft. Som strategi skal vi m.a. redusere</p>	
--	--	---	--

		<p>klimagassutslepp og klimaomstille samfunnet, og vi skal forvalte viktige naturområde. Utbygging av myrområde vil ha ei negativ konsekvens for klimagassutslepp.</p>	
Plankartet	MDG	<p>Arealbruk som i konsekvensutgreiinga er vurdert med negativ konsekvens (raud) for fagtema klimautsleppsreduksjon (= auka utslepp) skal takast ut av plankartet.</p> <p>Arealbruk eller delar av arealområde med nedbygging av myr skal takast ut av plankartet.</p> <p>Nedbygging av skog og fulldyrka jord skal sterk reduserast i plankartet eller kompensert med avbøtande tiltak.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Kommunen tek ein ny gjennomgang på områder som kan gje negative konsekvensar for myr, samt at ein skjerpar føringane knytt til myr.</p>
Akvakultur	Fiskeri-direktoratet	<p>Første innspel gjeld akvakulturområde og sikringssone rundt anlegget. Det vert i føresegnene vist til sikringssone for fortøyingar til akvakulturanlegg (H_190 1-7), men desse ser vi vanskeleg igjen i plankartet. Vi ser at sjølve områda sett av til akvakultur er blitt større, men sikringssona rundt bør synleggjerast betre, dersom det går an. Sikringssonene framstår også som svært store rundt enkelte lokalitetar. Rundt lokalitet 45040 Agnalsvika meiner vi sikringssona må gjerast mindre, både av omsyn til rekefeltet og sidan det føregår makrellfiske i området. Fiskarane må ha moglegheit å nytte seg av låssettingsplassane ved Storevikneset og Agnalsvika. Vi meiner at sikringssona ikkje treng å strekke seg så langt nordover.</p> <p>I Fjaler er det registrert rekefelt frå ytterst til innerst i Vilnesfjorden og Dalsfjorden, og alle matfiskanlegga har fortøyingar som går inn i rekefelte. Slik som føresegnene er foreslått, står det i § 4.7 kombinerte føremål i sjø og vassdrag b) at det er tillate med utlegging av fortøyingar til havbruksnæringa i område sett av til (ferdsel og) fiske. Vanlegvis ville ikkje Fiskerdirektoratet godtatt ei slik formulering, fordi fortøyingar i fiskeområde, (idette tilfellet rekefelt), er ekskluderande for trålfiske. For å unngå at det vert opna for plassering av fortøyingar som kan gjere rekefeltet endå meir begrensa, er det viktig at dette omsynet vert klargjort i føresegnene. Det står i § 5.1.2. Sikringsoner for fortøying av akvakulturanlegg (H190) c) at fortøyingane ikkje</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Kommunen tek ei ny vurdering av storleiken til sikringssonene for akvakultur samt formulering av føresegnene.</p>

		<p>skal leggst på ein måte som gjer at dei kjem i konflikt med blant anna fiske. Slik sett er omsynet til fiske teke i vare gjennom sikringssona, men dei er likevel motstridande.</p> <p>Fiskeridirektoratet region Vest meiner at kommunen kan undersøke om det går an å framstille reketrålfelta som til dømes omsynssone naturmiljø, i dei områda der det allereie er akvakulturanlegg med fortøyingar som strekker seg inn i rekefelt. Omsynssona kan til dømes strekke seg langt som ytterkantane av sikringssonene for fortøyingar. Ved å bruke omsynssone naturmiljø, vil ein signalisere at rekeressursen blir tatt vare på, sjølv om det per i dag vanskeleg lar seg gjere å drive rekefiske i områda der det er etablert akvakultur.</p> <p>Eit anna alternativ kan vere å stryke pkt. b) i § 4.7, om at det er tillate med utlegging av fortøying til havbruksnæring, og heller få inn noko om at fortøyingar til eksisterande akvakulturanlegg kan justerast innanfor sikringssonene. Det er viktig for Fiskeridirektoratet at områder som fortsatt er trålbare, vert holdt fri for fortøyingar og andre installasjonar.</p>	
	Kystverket	<p>Områda sett av til akvakultur er utvida i areal frå 1. til 2. gongs høyring. Det er særleg tre av dei utvida områda sett av til akvakultur som kommunen må justera i nytt arealplankart. Dette på grunn av at akvakulturområda er lagt heilt inn til kvit sektor. Kvit sektor viser reint farvatn, og det må leggst inn ein buffer på minimum 50-100 meter frå sektorstreken til akvakulturområdet for at tryggleiken for dei sjøfarande skal kunne sikrast. Vi finn det og uheldig at ny utviding av akvakulturområda ikkje er fargekoda med «framtidig areal» jf. Kart- og planforskrifta i nytt plankart. Framtidig akvakultur/ endring av akvakulturområda må ha korrekt fargekode som syner den faktiske utvidinga av arealføremålet.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Storleiken til akvakulturområda vil bli vurdert på nytt, samt at ein vil skilje mellom noværande og framtidig utviding av akvakultur. Det leggst også inn ein buffer mellom akvakultur og kvit sektor.</p>
	STFV	<p>Generelt når det gjeld akvakulturanlegg så er det forankring som legg beslag på mest areal. Ved å leggje ut store fleirbruksområde som inkluderer fortøying/ankring, så er det utfordrande å gjere ei god vurdering av verknadane på marint naturmangfald. Kommunen må gjere betre greie for dette.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Er det gjort godt nok greie for? Viss ikkje må det gjerast ei vurdering.</p>
Fiske	Fiskeridirektoratet	<p>I forslaget til kommunen er det no lagt inn kombinert føremål i dei områda der ferdsl og fiske overlappar. I føresegnene er fiske berre definert som område der det vert låssatt fisk. Det er med andre ord ikkje heilt samsvar mellom plankartet og føresegnene innanfor fiskeri-temaet. I føresegnene § 4.5 Fiske må</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Føreslegne føringar er teke inn i føresegnene.</p>

		<p>ordlyden endrast dersom andre fiskeområde enn låssettingsplassar skal visast i plankartet. Forslag til revidert føresegn, der vi berre listar opp det vi meiner må føyast til:</p> <p>«Føremålet omfattar låssettingsplassar og viktige fiskeområde.</p> <p>d) i fiskeområde går fiske framfor anna bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for fiske innanfor området. Ved søknad om regulering av sjøområde og tiltak i sjø og strandsone skal Fiskeridirektoratet region Vest høyrast.»</p>	
Marint Biologisk mangfald	Fiskeridirektoratet	Bør Sandvika ved Fureneset få omsynssone for bevaring av naturmiljø? Sidan det er registrert ei lokalt viktig ålegraseng her.	Merknaden er teke til følge. Omsynssone for naturmiljø vert lagt inn.
Farleder	Kystverket	<p>Kystverket har ikkje merknader til kombinert arealføremål, men vi oppmodar kommunen til å gjennomføre arealføremålet FF, slik at arealplankartet vert meir heilslikt.</p> <p>Kystverket har likevel merknad til arealføremålet «Fiske» i innseglinga til hamna på Lutelandet. I samband med innsegling til hamner kan ein ikkje ha fiske som ein-bruk føremål. Ferdsel må og inngå i arealføremålet for å ivareta skipstrafikken til og frå hamna. VA1, VA2 og VA20 må reduserast slik at arealet ikkje kjem i konflikt med kvit sektor. Dette inneber at det må vera ein buffer på 50-100 meter frå ytterpunkt på området kvit sektor.</p>	Merknaden er teke til følge. Kommunen tek ein ny gjennomgang på arealføremål i sjø. Arealføremål framføre hamna på lutelandet vert endra til at ferdsel inngår. Storleiken til akvakulturområda vert flytta der det er i konflikt med kvit sektor.
Småbåthamner (SH)	STFV	<p>Fleire av områda som er sett av til småbåthamner er store. Nye bryggjer i områda skal vere fellesbryggjer, men det er uklart kor mange som kan etablerast i kvart område. Fleire av områda ligg i omsynssone for friluftsliv der tiltak som kan svekke eksisterande og framtidig tilrettelegging og bruk av området til friluftsliv og rekreasjon ikkje er lov, jf. § 5.2.1 i føresegnene.</p> <p>Det er berre stilt krav om reguleringsplan for SH5 i §1.3, men det går fram §4.4a strekpunkt 3 at det er krav om reguleringsplan når bryggjeanlegg rører ved omsynssoner for naturverdiar. Vi forstår det derfor slik at det plankrav for alle områda for småbåthamn med unntak av SH1, SH2, SH3, SH4 og SH6.</p> <p>Strekpunkt 2 i § 4.4 a seier at det kan gjevast løyve til tiltak utan krav om reguleringsplan når endringa betrar situasjonen for allmenta. Vi oppfattar det slik at det berre er fellestiltak som betrar situasjonen for allmenta som er lov utan at plankravet slår inn for SH1, SH2, SH3, SH4 og SH6.</p>	Merknaden er teke til følge. Kommunen tek ei ny vurdering av krav til reguleringsplan, avgrensing av arealføremålet og maks tal flytebrygger. Merknad til einskilde SH områder vert kommentert under dei aktuelle arealføremåla.


		<p>Vi meiner at områdeavgrensinga for følgjande område for småbåthamner bør reduserast: SH5 (området er kommentert over), SH7, SH9 og SH17 og SH23/AB22 (i sør). Vi meiner område SH11 og SH21/AB21 ikkje bør godkjennast, og vi er kritiske til område SH7, men her har kommunen alt gjeve dispensasjon for etablering av flytebryggje utan at saka har vore på høyring</p>	
Høgspenning, energi og elektriske anlegg	BKK Nett	<p>Felles for elektriske anlegg Det må ikkje setjast i verk tiltak som forverrar tilkomsten til nettanlegga våre, og det er vesentleg at ein ikkje endrar terrengoverdekninga over kablar eller reduserer høgda opp til luftleidningsanlegga. Vi gjer elles merksam på at spenningsnivået for nettanlegga ikkje må førast på i plankartet (jf. «Forskrift om beredskap i kraftforsyning» og «NVE «Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyning», pkt. 6.2.5). Dersom det må gjerast tiltak på høgspenningsnettet, kan det verte stilt krav til når på året anlegget kan kopløst ut. Årsaka til dette er krav om kontinuerleg straumforsyning til kundane (leveringsplikta i energilova § 3-3).</p> <p>Anlegg etablert etter anleggskonsesjon (normalt regionalnett) Vi gjer merksam på at det i planområde er høgspenningsanlegg som er bygd etter anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrag- og Energidirektorat (NVE). Kraftleidningar og kabelanlegg er i hovudsak unnateke Plan- og bygningslova, og for desse kan de ikkje vedtakast planar/ vilkår som del av reguleringsplan eller andre tema. Utgangspunktet er difor at kraftleidningar ikkje skal innteiknast som eit arealformål i ei plan, men bør innarbeidast som <i>omsynssone (faresone)</i>.</p> <p>Føresegner og retningslinjer for kommuneplanen sin arealdel §5.1.7 Høgspenningsanlegg (H370) står det i pkt. a: <i>Faresone – høgspenningsanlegg er energianlegg som det er gjeve anleggskonsesjon til etter energilova</i>. BKK Nett ynskjer å informere at nesten alle distribusjonsanlegga i Fjaler kommune (22 kV) er bygd på områdekonsesjon og ikkje anleggskonsesjon. I hovudsak er det berre høgspenningsanlegg med spenning over 22 kV (66- og 132 kV) der vi har søkt om anleggskonsesjon. Ved bygging nær ved luftleidningar gjer ein merksam på at det ikkje alltid er samsvar mellom utgreiingsgrense for magnetfelt og gjeldande byggeforbodssone. Nye planlagde tiltak som kjem i konflikt med elektriske anlegg må takast omsyn til. Dert betyr at eventuelle nye kablar eller</p>	<p>Merknaden er teke til følge. Føresegnene i arealdelen §5.1.7a) vert endra i tråd med merknaden.</p>

		<p>luftleidningar som skal erstatte eksisterande anlegg må takast omsyn til i det vidare planarbeidet, og dei må ha overføringskapasitet som minst svarer til kapasiteten nettanlegga har i dag. Omleggingar av eksisterande anlegg må meldast inn til oss i god tid før arbeidet skal skje. Dette er ein tidkrevjande prosess, og det er ein fordel om dette vert teke omsyn til ved utarbeiding av eventuelle vedtak om særskilt rekkefylgje for gjennomføring av dei enkelte tiltak i planen. Omlegging av anlegg høgre enn 24 kV medfører søknad til NVE om endringar i anleggskonsesjonane. Det forutset blant anna at det finns ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning slik at nettkundane ikkje vert påført kostnadane med omlegginga. Utfallet av konsesjonshandsaminga kan ikkje forskotterast.</p> <p>Landskapsvernområde/ friområde</p> <p>Arealdelen av kommuneplanen vil blant anna vise natur- og friluftsområda samt verneområda i kommunen. Dette er viktig informasjon for BKK Nett, då tiltak som etablering av nye elanlegg ikkje må være i strid med desse planane. Verneområde er ofte knytt mot restriksjonar av ulike slag, og det er vesentleg at Energiselskapet får etablere nyanlegg og drifte eksisterande anlegg utan at kommuneplanen medfører vesentleg auka kostnader på dette området. Det er vesentleg for nettselskapet å kunne drive vanleg vedlikehald av nettet i desse områda, og eventuell bruk av motorkøyretøy for å kunne gjennomføre dette vedlikehaldet.</p> <p>BKK Nett må kunne rydde skog under linjene, og ein må kunne nytte motorkøyretøy under reinvestering, ombygging og reparasjonsarbeid utan å måtte søkje om dette. Det er og viktig at tiltak, til dømes etablering av nye el-anlegg, ikkje vil verte i strid med arealbruken eller retningslinjer fastlagt i endeleg arealplan.</p> <p>Plassering av høgspent nettstasjonar</p> <p>Ved bygging av større industri/ forretningsbygg vil nettselskapet stundom ha behov for å etablere nye nettstasjonar for å sikre straumforsyninga. Desse bør i så fall integrerast i bygningane. Det er både teknisk og estetisk den beste løysinga, men i den samanheng bør fylgjande moment vektleggast særskilt:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det må være lett tilkomst til plassering og seinare utskifting av transformator og brytaranlegg.	
--	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Nettstasjonen bør alltid plasserast mot yttervegg (plassering inne i bygget medfører ofte kronglete transportveggar, dårleg naturleg ventilasjon og lange innvendige kabelføringar) • Energiselskapet sine folk må ha uhindra tilkomst til nettstasjonen alle tider på døgnet. • Nettstasjon og tavlerom genererer magnetfelt. Sjølv om det ikkje finst krav frå norske myndigheiter om grenseverdiar for magnetiske felt, vert det ikkje anbefalt å etablere lokalar der personell oppheld seg kontinuerleg rett over eller ved sida av nettstasjonen. Teknisk utstyr som PC- skjermar og anna elektronikk bør heller ikkje plasserast i desse romma. • Nettstasjonar må kunne oppførast også utanfor regulerte byggegrenser og kjem i tillegg til tillaten utnyttelsegrad. • Nettstasjonar kan oppførast inntil 1 meter frå eigedomsgrense, og det er generelt 5 meter byggegrense rundt desse. Avstanden på min. 5 meter frå bygning med brennbare overflater gjeld og terrassar og liknande brennbare utstikk knytt mot bygget. Det vert ofte synda mot desse avstandskrava når nye bygg vert etablerte. Det skaper problem både for grunneigar og nettselskap. Det er difor viktig å synleggjere byggegrenser mot nettstasjonar i planvedtaka. <p>Avstand til høgspenlinjer/ strålefare</p> <p>BKK Nett gjer merksam på Forskrifter for elektriske anlegg (FEF 2006), som set avstanden mellom høgspenluftleidningar og næraste bygningsdel målt i horisontal retning til minst 6 meter, og det er ikkje tillate å krysse over leikeplassar, barnehagar og kyrkjegardar.</p> <p>Sjølv om ein ut frå forskriftene har lov til å bygge 6 meter frå linja, anbefaler likevel Statens Strålevern ut frå ein varsemnd -strategi at ei breiare byggeforbodssone vert vurdert ved planlegging/ etablering av nye bustader. Det finst ingen absolutte forskriftskrav frå norske myndigheiter om grenseverdiar for magnetiske felt, men netteigar er pålagt å fylgje ein varsemndstrategi. Det betyr at ein bør ta omsyn til magnetiske felt ved planlegging og prosjektering av utbyggings- området utan at dette skal påføre prosjektet unødige ekstra investeringar. Primært vil det bety å finne fornuftige</p>	
--	---	--

		<p>plasseringar for nettstasjonane, og ein bør unngå å legge desse i område der mange barn oppheld seg (til dømes barnehage/ leikeplassar).</p> <p>Alternativ energiforsyning Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning til nokre område, for eksempel fjernboren varme, ynskjer vi at dette vert avklart snarast råd då det påverkar behovet for elektrisk straum.</p> <p>Utbyggingsplanar Det er viktig at desse vert sendt til energiverket så snart dei er utarbeidd. Den vil vere eit godt hjelpemiddel for å finne gode plasseringar for nettstasjonar, fordelingssskap og kabeltrasear. Maksimallasta for området er og lettare å estimere når utbyggingsplanane ligg føre. Vurdering og fastsetjing av rett lastflyt er svært viktig, og rette data her kan ofte spare nettselskapet for til dels store investeringar og reinvesteringstkostnader. Utbyggjar bør ta kontakt med nettselskapet for å avklare behov for nettutbygging og utforming av eventuell nettløysning for nye bustadfelt samt større industriområde/ forretningsbygg.</p>	
Utbygging nær bygdesenter og trafiktryggleik	SVV	<p>Planen har tidlegare vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 21.01 – 20.03 2020. Statens vegvesen varsla den gang at vi vurderte å fremja motsegn til planen. Årsaka til dette var m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planen opna opp for spreidd etablering av busetnad (80 stk.) og fritidsbustader (95 stk.) utanfor etablerte sentrumsområde utan krav om reguleringsplan. Dette kan m.a. medføre unødig mange avkøyrslar langs offentleg veg samt at behov for busstopp knytt til skuleskyss aukar, og dårlege tilbod for mjuke trafikantar. - Vi meinte og at konsekvensutgreiing for fagtema Klimareduksjon ikkje er godt nok utgreia. <p>Uttale frå Statens vegvesen: Vi ser det som positivt i plan som no er til offentleg ettersyn at det er lagt opp til at nye bustadfelt skal lokalisrast nær bygdesentera og allereie utbygde områder. I høve etablering av fritidsbustader/hytter leggest det opp til fortetting i eksisterande felt, samt opne opp for spreidd bygging i einskilde avgrensa områder der det allereie er einskilde tomter. I ny plan er talet på bustader og fritidsbustader i LNF-spreidd byggeområder utan plankrav vesentleg redusert. I høve føresegnene §1.4.4 står</p>	<p>Merknaden er teke til følge. Dei aller fleste områda for spreidd busetnad og spreidd fritidsbusetnad er ei utviding av eksisterande områder. §§1.4.2 og 1.4.3 vil omsyn til avkøyrslar bli ivareteke. Vi vil gjere ei ytterlegare utgreiing av fagtema klimareduksjon. Ny formulering til føresegn §1.4.4 vert teke inn. Vi vil legge inn føresegn og siktkrav slik dei beskriv.</p>

		<p>det at «Det må vere 4 meter fri sikt i avkøyrsl, medan i avkøyrsler skal det vere fri sikt i ein avstand på fire meter frå sekundærveg». Vi antar at formuleringa er ein skrivefeil og tilrår at teksten vert endra til:</p> <p>«Sikt i avkøyrsler skal vere i samsvar med krava i gjeldande handbok N100 på det tidspunktet nye eller endring av eksisterande avkøyrsl vert planlagd».</p> <p>I føresegnene må det stillast generelle krav om at det for nye byggeområder, eller ved fortetting av eksisterande, vert stilt krav om at siktsoner i kryss og avkøyrsler vert vist i plangrunnlaget. Det må vidare stillast rekkefølgekrav om nye eller utvida/endra bruk av avkøyrsler til ovannemnde formål vert opparbeidd i samsvar med handbok N100 før byggearbeid tek til.</p> <p>Vidare ber vi om at planen tek med rekkefølgekrav som sikrar opparbeiding av trygg skuleveg før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar.</p> <p>Ut over dette har vi ikkje merknader til planen.</p>	
Byggegrenser langs sjø	STFV	<p>100-meterbeltet ved sjø er definert som eit område av nasjonal interesse, og det lovfesta strandvernet skal innarbeiddast i all arealplanlegging og -forvaltning. Dette inneber at strandsona, og i alle høve strandlina, som hovudregel skal haldast fri for bygging og inngrep, og at bygging her bør avgrensast til bygningar og føremål som <i>må</i> liggje ved sjøen.</p> <p>Jf. KU side 257: «<i>Sjølv om områda er utbygde har ein tatt høgde for at det kan skje utvikling i områda i form av tilbygg, uthus, garasjar og liknande, og byggjegransa er då sett slik at utvikling ikkje kan skje nærare sjøen enn i dag... For alle spreidd-områda som grensar til sjø og vassdrag er det sett byggjegranse</i>».</p> <p>I § 1.6.3 b i føresegnene står det: «<i>I område som er sett av til bygg og anlegg med underføremål (pbl § 11-7, nr. 1), og område for LNF-spreidd er byggjegranse lik føremålsgrense for dei områda der byggjegransa ikkje er synleg</i>».</p> <p>Føringane i KU er ikkje følgt opp i planforslaget. Dømet under viser område BFR3 der det ikkje er sett byggjegranse, dvs. at føremålsgrensa er byggjegranse. Planforslaget sikrar ikkje at nye tiltak vert plassert nærare sjøen enn i dag.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Kommunen vil ta ein gjennomgang for å følgje opp føringane i KU betre. Samt vil ein gå igjennom arealføremål langs sjø og vurdere om byggegrensene bør justerast.</p>



Reguleringsplan for Kjøsnes, vedteken i 1974, blir oppheva. Planen blir i arealdelen vidareført som område for fritidsbustadar og spreidd utbygging for bustadar og fritidsbustadar. Føremålsavgrensinga i fleire av byggeområda er flytta nærare sjøen i arealdelen enn i reguleringsplanen: BFR3-BFR6 og SPFR4-SPFR6. Det er i tillegg føreslege fleire nye byggeområde innanfor avgrensinga av reguleringsplanen: SH7-SH11, SH17, SPFR3 og SPB5 (delvis innanfor avgrensinga). Reguleringskartet er i motsetning til føresegnene tilgjengeleg på www.kommunekart.com. Vi veit ikkje kor store fritidsbustadar gjeldande plan opnar for. Vi viser til det vi skriv om at planforslaget opnar for utviding av små fritidsbustadar. Vi veit ikkje om dette gjer seg gjeldande i området.

Ifølgje planomtalen s.14: «For nokre byggeområde er det ikkje vist byggjegrænse, då føremålsgrænse overlappar byggjegrænse. Ein har her vurdert at det er naturleg at grænse for utbyggingsføremålet også er byggjegrænse. Dette for å unngå opparbeiding av plen og andre stengsler som gjerde eller liknande mellom byggjegrænse og føremålsgrænse då dette har ein privatiserande effekt».

Det er sett byggjegrænse i form av at ho ser ut til å vere samanfallande med føremålsgrænse i nesten alle byggeområda langs sjøen (og vassdrag). Dette gjeld for heile 18 av dei 19 områda for LNF-spreidd som ligg langs sjøen, alle delvis eller heilt innanfor byggjeforbodssona. Vi kan berre sjå at det er vist

		byggjegrænse i SPB6. Vi finn tilsvarende situasjon for BFR-områda og ved vidareføring av gjeldande reguleringsplanar. Det kan vere andre område òg. Vi er usikre på vurderingane for kvart enkelt område slik byggjegrænse er fastsett i planen.	
Byggjegrænse langs vassdrag	STFV	<p>Paragraf 1.6.3b i føresegnene: <i>«I område som er sett av til bygg og anlegg med underføremål (pbl § 11-7, nr. 1), og område for LNF-spreidd er byggjegrænse lik føremålsgrænse for dei områda der byggjegrænse ikkje er synleg».</i></p> <p>Paragraf 1.6.3d i føresegnene: <i>«Langs alle vassdrag er byggjegrænse sett til 30 meter frå strandlina. Byggjegrænse kan differensierast ut frå vassdraget sine omgjevnadar og karakter».</i></p> <p>Vi oppfattar føresegna slik at kommunen med bakgrunn i dette kan fråvike grænse på 30 meter, og byggje nærare vassdraga enn 30 meter, når kommunen vurderer at det er akseptabelt ut frå omgjevnadane og karakteren til området. Vi er generelt kritiske til å fastsetje ei generell byggjegrænse på denne måten i kommuneplanen, som ikkje byggjer på ei konkret vurdering av verdier i - og verknader på - vassdragsnaturen, og at denne igjen kan fråvikast. Særleg ut frå den praksisen som kommuneplanen legg opp til med omfattande bruk av LNF-spreidd.</p> <p>I tillegg er Flekke-/Guddalsvassdraget verna. Vi minner om at rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld i eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av vassdragsbeltet. Vi viser til tilbakemeldinga vår 26.03.2020 der vi sa: <i>«Forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget må leggjast til grunn. Avstand til vassdrag bør vere i samsvar med forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget».</i></p>	Merknaden er teke til etterretning. No er areal avsett til LNF-spreidd områda redusert med 32% frå førre høyring. Samt er byggjegrænser og formålsgrænser mot vassdrag, myr og strandsone vurdert på nytt, og i fleire av LNF-spreidd områda er grænse redusert mot desse verdiane.
Tilhøve til KU	STFV	<p>Det må kome tydeleg fram kor mange nye tomter det vert opna for å fortette med i BFR-område utan plankrav, jf. vurderingar i KU.</p> <p>Føringane i KU må følgjast opp.</p> <p>Konsekvensutgreiinga viser at utbygging av mange av byggeområda vil føre til utslepp av klimagassar. Vi meiner dette er vesentlege og uheldige konsekvensar. Etter det vi forstår av oppsummeringane i KU for kvart byggeområde er det til ein viss grad forsøkt å tilpasse områda, og tiltaka i områda, slik at utsleppa vert noko redusert. Vi meiner likevel kommunen bør ta meir grep her og følgje opp planstrategien, og gjennom føresegnene til</p>	Merknaden er teke til etterretning. Føringane for tal nye tomter i BFR-område utan plankrav vil vi forsøke å presisere. Vi vil ta ein ny gjennomgang av vurderingane i KU og få eit betre samspel mellom desse, plankart og føresegner generelt. Vi tek ein ny gjennomgang og vurderer ny

		<p>kommuneplanen styre utbygginga vekk frå område det er særleg uheldige å byggje ned og som fører til store klimagassutslepp. Vi viser til fråsegna vår ved oppstart og tilbakemelding frå oss 26.03.2020.</p> <p>Vi meiner det må vere ei fellesføresegn i planen som sikrar at det vert teke omsyn og unngår nedbygging eller øydelegging av myr/myrområde i alle byggjeområde.</p>	<p>utforming på arealføremål for alle byggeområder som ligg på myr for å betre følgje opp planstrategien.</p>
Vindkraft	Linn Hovlandsdal	<p>Ber om at det vert teke inn i kommuneplanen at det ikkje skal byggast vindkraft i Fjaler kommune.</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Einaste området som opnar for vindkraft i kommuneplanen i dag er område på Lutelandet der utbygging allereie har begynt. Det er ikkje fleire områder i kommunen som opnar for vindkraftutbygging.</p>

Merknadar til reguleringsplanar

Plan	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Nedbygging av myr	STFV	<p>Vi minner om at eldre reguleringsplanar skal vere oppdaterte i samsvar med gjeldande nasjonale mål og retningslinjer.</p> <p>Jf. kap. 4.3 i statlege retningslinjer for klima- energiplanlegging og klimatilpassing der det står: «<i>Spesielt våtmarker, myrer, elvebredder og skog som kan dempe effektene av klimaendringer er viktige å ivareta i arealplanlegginga. Forvaltning av skog og jord kan også bidra med forsynende og oppretthaldende tjenester som er viktige å ivareta</i>». Det er i konsekvensutgreiinga gjort eit estimat av kva konsekvensar tiltaka har for utslepp av klimagassar ved nedbygging av ulike område. Årlege utslepp for ein privatperson i Noreg ligg på kring 10 tonn CO2 årleg.</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Vi tek ein ny gjennomgang av alle eldre reguleringsplanar og vurderer om det er grunnlag for å vidareføre desse.</p>

Guddal

Merknader til planføremåla

Planformål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
LNFP60-LNF-spreidd kombinert for fritidsbustad og bustad	STFV	Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner Statsforvaltaren at det er krav om reguleringsplan for området.	Merknaden er teke til etterretning. Vi fjernar området nord for høgspenningsleidningen og tillet berre fritidsbustadar. Det er vanskeleg å føre veg opp i området, så fritidsbustadane må vere utan tilkomst. Vi vurderer at det ikkje er naudsynt med reguleringsplan etter desse endringane .
RU60-Råstoffutvinning	STFV	Vi stiller òg spørsmål ved behovet for området ut frå at RU60 på kring 13 daa ligg i nærleiken, og på same eigedom. Det meste av RU60 er klassifisert som innmarksbeite, med unntak av ca. 1 daa som er fulldyrka jord. Ifølgje konsekvensutgreiinga vert innmarksbeitet sterkt forringa av tiltaket. Vi saknar ei vurdering av behovet for nye massetak i planperioden. Kva konkret er føremålet med masseuttaka, og kva behov er det for massar? Vi legg til grunn at kommunen gjer nærare greie for behovet i planomtalen.	Merknaden er teke til etterretning. Vi legg inn ei vurdering av behov og beheld område.
RU61-Råstoffutvinning	STFV	Vi meiner verknadane for omgjevnadene er omfattande eller usikre, og at det er krav om detaljreguleringsplan for RU61, som ligg 5-10 meter frå Kalstadelva og er ei sideelv i Flekke-Guddalsvassdraget, sjølv om området er under 5 daa. Ifølgje KU er tiltaket i konflikt med verneføremålet for Flekke- og Guddalsvassdraget, og kan føre til ureining i vassdraget. Området består i tillegg i hovudsak av innmarksbeite og med dyrka mark på tre kantar. Innmarksbeite er definert som dyrka jord, og er ein viktig ressurs i husdyrbruket. Beiteareal er også omfatta av jordvernmålet. Eit større masseuttak kan òg ha uheldige verknadar for kulturlandskapet. Statsforvaltaren peika på at vi meiner det er plankrav for fleire område enn dei kommunen har stilt krav om i § 1.3 i føresegnene. Som døme peika vil på RU 61	Vi avgrensar området slik at det blir minst 15 meter frå elva og at det ikkje omfattar beite av høgare verdi jf. flyfoto. I sone 2 ovanfor lask- og sjøaureførande strekning er det tillete å ta ut massar til eige bruk.

		<p>som ligg 5-10 meter frå Kalstadelva som er ei sideelv i Flekke-Guddalsvassdraget, der vi meiner verknadane for omgjevnadene er omfattande eller usikre. Kommunen må sikre området mot skade på vassdraget. Sjølv om tiltaket er fornuftig, så må ein i tillegg sjå på behovet.</p>	
SPB60-LNF-spreidd for bustad	STFV	<p>Statsforvaltaren påpeiker at planframlegget legg opp til byggegrense på 30 meter frå vassdrag, samt at føresegene seier at byggegrensa går i føremålsgrensa i dette området, altså 14 meter frå vassdrag. Planen må vere eintydig.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Her legg vi inn byggegrense på 30 meter til vassdrag i kartet.</p>
SPN60-Spreidd næring	STFV	<p>Dei meiner det må vurderast ei justering av byggegrensa mot vassdraget på SPN60 samt sjølv avgrensinga. Om lag 31 daa av arealet er fulldyrka jord med stor verdi, og det er konkludert med negativ konsekvens for landbruket. Utvidinga av campingplassen kan vere konfliktfylt for jordvernet dersom mykje av det fulldyrka arealet vert omdisponert til andre føremål. Omdisponering av dei flate og lett drivne jordbruksareala på nordsida av tunet vil vere konfliktfylt for jordvernet. Det er viktig at ein unngår nedbygging av dyrka mark. I føresegnene blir det opna for oppstillingsplass for camping, bubilar og telt med parkering og dermed ikkje bygningar som spikartelt eller permanente installasjonar. Det er krav om reguleringsplan dersom det skal oppførast nye bygg og maksimalt BRA er sett til 6000 m². Det er ikkje føringar knytt til bruken av området utover at det skal tilbakeførast til jordbruksareal dersom det ikkje lenger vert nytta til campingplass.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Byggegrensa langs vassdraget blir flytta opp til eksisterande utbygd område, og byggegrensa blir flytta vekk frå veg og fulldyrka mark. Med nye flyfoto er vi blitt kjend med at det er meir enn 6000m² som er disponert til campingføremål innanfor arealføremålet i dag, så det blir stilt krav til reguleringsplan.</p>
Fylkesveg 93 (Nytt nummer: 5597) frå Nautsundet til Engja	NAF avd. Fjordane og ytre Sogn	<p>Smale og rasutsette strekningar. Ynskje om utbetringar.</p>	<p>Teke til etterretning .</p>

Merknadar til reguleringsplanar

Plan	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering

Flekke

Merknader til planføremåla

Planformål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Busetjing i Flekke	Arbeidsgrup pa i flekke v/ Geir Loneland & Amalie Haugsbø Harald Ness & Kjersti Reggestad Anders Haaland & Anne Nikoline Bakkebø Marte Haugsbakk & Adrian Solheim Hansen Vegard Dyrstad & Sandra Sørøbø Øystein Haaland & Lone Indrebø Lægreid Ida Okstad Vie & Per	<p>Mangelen på stadar å bygge i Flekke har lenge vore stor. Dei ynskjer å bygge i Flekke er klare no, og fleire har pågåande saker. Dei hadde håpa at arealplanen skulle løyse det mest prekære behovet i tillegg til å legge til rette for framtidig busetnad, men dei meiner dagens plan ikkje løysar dette tilstrekkeleg. Dei er negative til plankrav på bustadtomter og områdeplan for sentrum.</p> <p>Konkret til arealplanen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 5 ledige tomter i Flekke pr. dags dato (i følge heimesida og arealdelplanen) <ul style="list-style-type: none"> o Ut i frå kart finn vi to ledige tomter i Flekke byggefelt. Stemmer antalet? • Spreidd bustad (SPB20)- 6 tomter til spreidd busetnad som vil være klar når arealdelplanen er godkjent (mars/april dersom den ikkje skal ut på ny høyring) <ul style="list-style-type: none"> o Det realistiske antalet tomter her er mindre enn 6. Etter samtale med grunneigar er det sagt at det er ønskelig å behalde nokre tomter sjølv som vil redusere dette antalet • Sentrumsområde (BS20) o Vil kreve områdereguleringsplan <ul style="list-style-type: none"> o Håpar kommunen prioriterer å gå i gang med dette arbeidet så snart planen er godkjent o Ein ser ikkje heile området som ein naturleg del av sentrumsplanen • Hustveit-feltet (B24) o Vil kreve reguleringsplan <ul style="list-style-type: none"> o Avhengige av at kommunen (eller utbyggarar) går inn og kjøper område for at det skal bli realisert, grunneigar har ikkje moglegheit til å ta på seg denne kostnaden o Ligg inne i eksisterande plan og det er ikkje noko som hindrar at ein kan starte regulering allereie, men grunneigar har ikkje moglegheit til å gjere dette og utbyggarar har ikkje vist interesse 	<p>Merknaden er teke til følge. Vi gjer ein del endringar i flekke sentrum og omegn og håper dette kan løyse fleire byggjeklare tomter og ein enklare prosess vidare til fleire tomter. Tal ledige tomter i Flekke er utdatert og vi vil endre dette i nytt framlegg. Punkta vert kommentert under tilhøyrande føremål.</p>

	<p>Lønning Kallevik Christian Vik & Avis Rolfe Alexander Myklebust & Eivor Flekke Einar Aase & Sara Dyrstad</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Tilknytning til byggefeltet (B21) o Vil kreve områdereguleringsplan o Fleire har vore i kontakt med ein av grunneigarane for å kjøpe tomt og ser at det er utfordrande å få kjøpt tomt <p>Slik planen ligg no meiner dei det vil ta for lang tid før det vil bli klare bustadtomter, og meiner planen i det minste burde løyse pågåande saker og ynskja til dei som er klare til å busetje seg i Flekke no. Det er for vanskeleg å få igjennom dispensasjonssaker og ynskjer ei meir liberal haldning.</p>	
	<p>Flekke grendalag</p>	<p>Planen tek ikkje høgde for den reelle etterspørsel etter bustadtomter. Det er 10 par som pr no er på bustad- eller tomtejakt i bygda. Dei meiner då det er uhelding at det er krav reguleringsplan eller områderegulering på dei fleste tilgjengelege bustadtomtene. Planframlegget svarer ikkje på utfordringane, verken på kort- eller lengre sikt. Nokre av kvalitetane ved Flekkebygda er nærleiken til fjorden, tett på naturen og eit levande landbruk. Dette er kvalitetar ein må ivareta, men som også kan vere ein kime til potensielle konflikter med omsyn til bruk og bruksendring. I den grad ein velger ein planmessig utbygging med fortetting i Flekke-bygda, bør planen i større grad avklare konfliktlinjer som vil måtte oppstå i samband med utbygging. Føresegnene bør regulere korleis til dømes konflikt mellom landbruksinteresser og bustadbygging kan modererast. Vår vurdering er at føresegnene i planen i for liten grad beskriver retningslinjer for dispensasjoner og interessekonflikter. Dette burde vore beskrevet bedre.</p> <p>Grendelaget ber om at kommunen viser handlekraft ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Iverksette kjøp og utvikling av bustadfelt i Flekke før ny plan er vedteken. Ein kan her sjå til eksisterande arealplan for å vurdere aktuelt areal. - Vere positive til- og prioritere dispensasjonssøknader der dette kan fungere for å hjelpe etablererane i gong. <p>Vår vurdering er at arbeidet med arealplanen ikkje må stå i vegen for å løyse det akutte bustadarealbehovet i Flekke. Her må kommunen prioritere å løyse dette behovet utan å vente til planen er vedteken.</p>	<p>Sjå kommentar til Arbeidsgruppa i Flekke. Kommunen skal starte planarbeid i Flekke jf. Planstrategien 2020-2030 men dette arbeidet er noko forsinka i forhold i planen.</p>

B21-Bustad	Hilde Ylvisåker Igelkjøn	Ho er kritisk til kravet om reguleringsplan grunna den økonomiske konsekvensen, begrensingane den vil medføre og at ho meiner det ikkje er eit særleg etterspurd område. Ho påpeikar at det heller har kome inn ein førespurnad om bustadtomt ein stad på gbnr 93/2 som ikkje har vore med tidlegare. I eit utmarksområde nær annan busetnad.	Merknaden er teke til følgje. Vi reduserer føremålgrensa og fjernar plankravet. 3 eksisterande og 4 nye.
	Arbeidsgrup pa flekke	Område mellom gbnr 93/12 og gbnr 92/90: Ynskjer å få inn denne som enkelttomt i arealplan dersom det på sikt vil bli mogleg å kjøpe tomten. Fleire har vore i kontakt med ein av grunneigarane for å kjøpe tomt og ser at det er utfordrande å få kjøpt tomt. Gbnr 92/77, område for leik og aking i gjeldande reguleringsplan: Ynskjer at kommunen ser på moglegheita til å flytte friarealet til eit anna område. Ligg per dags dato inne tre friareal i byggefeltet i tillegg til at det blir bygd gapahuk og laga til eit område tvers ovanfor skulen	Merknaden er delvis teke til følgje. B21 vil framleis vere regulert til bustad men avgrensinga vil vere redusert slik ein slepp krav til reguleringsplan.
B24	Arbeidsgrup pa Flekke	Avhengig av at Fjaler kommune går inn og kjøper området, for så å regulere det. Området bør kunne starte så snart som råd sidan dette allereie ligg i eksisterande plan.	Merknaden er teke til etterretning.
BKB21-Kombinert bebyggelse og anlegg	STFV	Bygging av bustadar vil innebere ei større privatiserande effekt enn kva tilfellet ville vere om tiltaket berre gjeld arbeidsplassar, men verken kontorlokale eller bustadar har ein sjøretta funksjon som tilseier at bygningen må liggje heilt ved sjøen, slik som tilfellet er for sjøretta næringsverksemdar. Vi finn at særleg den privatiserande effekten bustadar har er uheldig, og meiner kommunen ikkje bør opne for bustadbygging i området. Kommunen stilte spørsmål ved om det er nødvendig med plankrav for området. Fylkesmannen vurderte generelt at dersom fotavtrykket blir det same som før kan det tale mot plankrav, men kommunen må sjølv ta stilling til spørsmålet. Kommunen må uansett sikre landskapsomsyn og tilkomst for ålmenta til sjøen.	Merknaden er teke til etterretning. Vi har avgrensa området til BKB21 med å berre omfatte det området som er eller var bebygd. Området ytst på neset er meir hensiktsmessig å regulere til småbåthamn då grunneigar har planar om å restaurere kaia til gjestebrygge og dermed opne området meir for tilreisande til Flekke. På gateplan vil det ikkje bli tillate med bustad, slik ein minimerar privatisering av området. Vi set og inn føringar på møne- og gesimshøgde på maks kote 13. BYA blir sett til 40%.

	Jonny Pedersen, Pecom AS	Vi viser til oversendt søknad om rammeløyve for kontor / bolig - Ystenesvegen 61, 6968 Flekke, bnr/gnr 92/23. Det omsøkte tiltaket innebærer riving av eksisterende bygg, heving av terreng for sikre bygget mot skader fra økt sjøvannstand og oppføring av nytt bygg med tilsvarende mål og arkitektoniske uttrykk. Fra Fjaler kommune har vi muntlig fått vite at det omsøkte tiltaket vil kreve reguleringsplan. Vi forstår ikke hvorfor tiltaket krever en reguleringsplan da tiltaket kun innebærer en erstatning av eksisterende bygg med et nytt, tilsvarende bygg. Det eksisterende bygget bør rives og erstattes da det eksisterende bygget er i svært dårlig stand. Heving av terrenget er nødvendig for å sikre bygget mot økt sjøvannstand og eneste løsning er da å rive det eksisterende bygget, heve terrenget og sette opp et nytt bygg med samme mål og arkitektoniske utforming. Konstruksjonen for det nye bygget blir tilpasset fremtidig bruk av bygget. Dersom Fjaler kommune krever en reguleringsplan, vil dette være en stor utfordring med hensyn på Norconsult sitt behov for flere kontorplasser i Flekke fra sommeren 2021. Dette er arbeidsplasser som kommunen har behov for. Det er derfor viktig å få det nye bygget opp så raskt som mulig. Saksbehandlingen til kommunen er på kritisk linje. For å kunne klare å få bygget klart for bruk sommeren 2021 ber vi Fjaler kommune vurdere kravet om reguleringsplan kan frafalles.	Merknaden er teke til følge. Kommunen har tatt ei ny vurdering av plankravet, og har vurdert at dette kan fråfallast med nokon endringar.
BOP20-Offentleg eller privat tenesteyting	STFV	Det kjem fram at det er behov for å utvide Hauglandsenteret. I KU er innspelet omtala slik: « <i>Utvikling av forretningsmessige aktivitetar. Utviding av kaiområde, fleire sjøbuer og aktivitetshus knytt til sjøaktivitetar</i> ». Området er avsett til utbyggingsføre mål i gjeldande kommuneplan frå 2009 (bustadar/hytter/offentleg). Ifølgje KU er det 14 daa fulldyrka jord, 11,5 daa overflatedyrka jord, 2,1 daa beite og 22 daa skog av særskilt høg bonitet innanfor området. Omdisponering vil i følgje konsekvensutgreiinga gje negativ konsekvens for tema naturressursar. Ein større del av strandsona blir ifølgje KU bygd ned. Området grensar til nasjonal laksefjord. Det er i KU peika på at det berre bør gjevast løyve til sjøretta aktivitetar i den næraste sona langs sjøen. Det er ikkje krav om dette i føresegnene.	Merknaden er teke til følge. Føremålet bør reduserast betraktelig. Området i sjø bør endrast til småbåthamn og området vest for den planlagde reguleringsplanen bør endrast til anten friluftsområde eller naturområde då det truleg berre er planlagd ein delvis universelt utforma sti der.

		Vi meiner kommunen må vurdere kor stort utvidingsområde det reelt sett er behov for, ut frå verdiane som gjer seg gjeldande innanfor det føreslegne byggeområdet og setje tydlege føringar for bruken.	
BS20-Sentrumsføremål	STFV	Statsforvaltaren meiner sentrumsavgrensinga har ei uheldig utforming, og bør avgrensast til området inne mellom vegane slik at ein reduserer konfliktpotensialet med dyrka mark, strandsone og naturverdiar.	Merknaden er teke til følge. Sentrumsføremål utgår. Butikkeigedommen vert regulert til kombinert byggje- og anleggsføremål, med namn «Bustad, kontor og forretning». Det vert lagt inn eit nytt område for spreidd bustad, samt at ein del av sentrumsområdet vert regulert til LNFR.
	MDG	Området ovanfor ungdomshuset i Flekke i BS20 vert skilt ifrå BS20 og omdisponert til LNRF spreidd busetnad (utan plankrav) for å gje unge par rask tilgang til byggjeklare bustadtomter. Dette støttar opp under overordna målet i kommuneplanen om å auke folketalet.	Sjå kommentar til statsforvaltaren sin merknad til BS20.
	Randi Kyrkjebø og Johnny Haugsbakk	Det er ikkje naturleg at dette arealet på gnr. 92/5 inngår som ein del av ein sentrumsplan, og ynskjer derfor å sette av området til LNF Spreidd busetnad. Ber difor om at Fjaler kommune tek innspelet vårt til etterretning og tek området ut av sentrumsplanen, og i staden legg det inn som LNF spreidd busetnad.	Sjå kommentar til statsforvaltaren sin merknad til BS20.
	Hallvard Haaland	Underteikna er grunneigar av gbnr. 92/4 i Flekke og har spelt inn deler av området til bustad- og næringsføremål. Planen løyser ikkje det mest akutte behovet for bustadtomtar slik planen ligg føre no, og på grunn av krav om reguleringsplan og områdereguleringsplan, vil det ta fleire år før behovet vert dekkja. Forslag til endringar: <ul style="list-style-type: none"> ● Området som er sett av til sentrumsområde på austsida av Hauglandsvegen bør oppretthaldast som spreidd utbygging. ● Store deler av tomte som formannskapet har gjeve dispensasjon til, ligg utanfor område som er sett av til sentrumsområde. Dersom ein går vidare med 	Sjå kommentar til statsforvaltaren sin merknad til BS20.

		<p>områdeplan for heile området, ber vi om at heile tomte vert inkludert i området som vert sett av til bustad/sentrumsområde.</p> <p>Dei er også uroa for tidsperspektivet til ein områdeplan i sentrum. I føresegnene som følgjer sentrumsområdet er reglane for dispensasjon svært strenge, så ber om føresegnene vert mjuka opp med omsyn til dispensasjonssaker. Ber om at heile tomte vert teke med i bustadområde, anten om det vert som frittliggande eller i sentrumsområde.</p>	
	Arbeidsgrup pa flekke	<p>Område frå 92/51 og oppover regulert sentrumsområde, samt område mellom dyrka mark og skredsona mot byggefeltet: Området er ikkje ein naturleg del av sentrumsplanen og ein ynskjer at dette blir tatt ut som LNF spreidd. Den delen som strekk seg mot byggefeltet, der delar av innteikna område er satt av til friområde, ser vi som meir naturleg å ha nedanfor dei kommunale bustadane der ein no etablerer gapahuk og friareal. Vil ha spreidd busetnad 4-5 tomter. Håpar kommunen prioriterer å gå i gang med dette arbeidet så snart planen er godkjent.</p> <p>Område kring gardstun på gbnr 92/4: Ynskjer 2 tomter LNF spreidd knytt til eksisterande gardstun og ikkje ein naturleg del av sentrumsområde.</p>	Sjå kommentar til statsforvaltaren sin merknad til BS20.
LNFS20- Kombinert LNF- spreitt til fritidsbustad/bust ad	STFV	<p>Meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren. Føremålsgransa ligg berre få meter frå sjøen, dei meiner byggjegrensa må trekkjast tilbake. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner dei det er krav om reguleringsplan.</p>	Merknaden er delvis teke til følgje. Føremålsgransa vert trekt 10 meter unna sjøen der den går nærare.
N20- Næringsområde	MDG	<p>Ta ut av plankartet den nordlege delen av N20 Flekke som er 29, 7 dekar myr slik at N20 vert redusert til berre lauvskogen like nord for gjenvinningsstasjonen.</p>	Merknaden er teke til følgje. Arealføremålet er redusert til området på gbnr. 92/24 som ikkje ligg på myr, Det er også gjort noko justeringar i forhold til høgspent.

N22- Næringsområde	MDG	Ta ut av plankartet 14,6 dekar myr i N22 Svinevika slik at område for næring vert redusert til berre dei 15,2 dekar med skrin fastmark.	Merknaden er teke til følgje. Avgrensinga av føremålet er endra slik at føremålet berre består av 5,3 daa myr og resten skrin fastmark.
SH21 OG AB21- Småbåthamn og annan bebyggelse og anlegg	STFV	Er ikkje samd i at tiltaket er å rekne som fortetting. Vi er kritiske til å opne for ny(e) flytebyggje(r) her særleg ut frå at det alt ligg eit flytebyggjeanlegg på motsett side av vika og nærleiken til deltaet og gruntvassområda. Vi meiner område SH21/AB21 ikkje bør godkjennast.	Merknaden er teke til følgje, Området blir redusert kraftig, men blir behalde.
SH23 OG AB22- Småbåthamn og annan bebyggelse og anlegg	STFV	Meiner at områdeavgrensinga for følgjande område for småbåthamner SH23/AB22 bør reduserast i sør.	Merknaden er teke til følgje, Området blir redusert.
SPB20-Spreidd bustad	Arbeidsgrup pa Flekke	Det realistiske antalet tomstar her er mindre enn 6. Etter samtale med grunneigar er det sagt at det er ønskelig å behalde nokre tomstar sjølv som vil redusere dette antalet.	Merknaden er ikkje teke til følgje.
SPFR20- LNF-spreidd for fritidsbebyggelse	STFV	Dei er sterkt kritiske til byggjeområde SPFR20. Planforslaget opnar for at ein kan føre opp ein fritidsbustad under ti meter frå sjøen på eit nes i eit regionalt viktig kulturlandskapsområde. Føremålsgrensa er byggjegrense. Vi er ikkje samde i vurderinga om at sidan tiltaket er lite av omfang/beskjeden, så vil det ikkje påverka strandsona og landskapet negativt. Isolert sett er det kanskje rett at tiltaket er lite, men det er fleire viktige verdiar her, og argumentasjonen kan nyttast for å byggje ned område som både er meir og mindre verdifulle enn dette. Den samla verknaden av små og beskjedne tiltak kan bli omfattande og uheldige for både landskap, strandsona og naturverdiar. Meiner området ikkje bør avsetjast til LNF-spreidd fritidsbustadar. Meiner byggjegrensa må trekkjast tilbake på fleire område for LNF- spreidd.	Merknaden er delvis teke til følgje. Vi trekk avgrensinga vekk frå sjø to stadar. Vi meiner konsekvensen med bygging innanfor den nye føremålsavgrensinga er haldbar då dette ikkje strekk seg inn i urørt område, men vert ein naturleg fortetting av tunet på garden.
SPFR21- LNF-spreidd fritidsbustad	STFV	Det er relativt store område som er sett av til spreidd utbygging. Fleire av områda ber i tillegg preg av å vere feltutbygging og reiser problemstillingar som, etter vår vurdering, automatisk utløyser krav om reguleringsplan etter §12-1 i pbl. Vi meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-,	Merknader er delvis teke til følgje. Vi endrar arealføremålet frå LNF-spreidd fritidsbustad til fritidsbustad. Å lage reguleringsplan for området er ikkje hensiktsmessig då det

		friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner vi det er krav om reguleringsplan for SPFR21.	allereie er frådelt nokre tomter til fritidsbusetnad. Vi ynskjer no å berre opne for tre nye tomter til fritidsbustadar. Samt minkar ein arealføremålet mot sjø, og legg heller inn eige naustområde mot sjøen .
	Ove Igelkjøn (Eigar av hytte på 95/4)	Han meiner byggegrensa mot sjø må endrast på fleire plassar på Gunhildeneset. Hytteeigedommane langs sjøen har fått ulik byggegrensing, desse må handsamast likt meiner han. Byggegrensa går tvers igjennom eigedommen hans, der eit uthus ligg på utsida av byggegrena, han krev at denne leggst utanfor dei eksisterande bygningane. Han viser også til eit plankart frå ca. 1975 som viser kvar dei ulike fritidsbustadane har naustplass. Han krev at kommuneplanen tek omsyn til dette så dei får bygd naust der plankartet viser.	Sjå kommentar til merknad over.
VA20	VLFK	Arealet til dei eksisterande akvakulturlokalitetane i sjø er vesentleg utvida. Fylkesutvalet støttar eit slikt grep, fordi det gir næringa meir fleksibilitet i høve drifta. Det bør gjennomførast konsekvensutgreiing for desse områda, for å avklare konsekvensane for andre interesser i områda rundt og i Dalsfjorden.	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til akvakultur generelt. Vi vil gjere ei konsekvensutredning for dei utvida akvakulturområda. Utviding av VA20 er fjerna grunna omsyn til Laksefjord.
	Kystverket	Areal til VA20 er utvida frå 1. til 2. gongs høyring. Arealet i 2.gongshøyringa tangerer kvit sektor til Dalsøyna lykt. Akvakulturområdet må reduserast slik at det ikkje kjem heilt inn til sektorstreken. Det må leggst inn ein buffer på 50-100 meter frå ytterpunkt i overflata på VA20 til sektorstreken som syner kvit sektor frå lykta.	Merknaden er teke til følge. Utviding av VA20 er fjerna grunna omsyn til Laksefjord.
H530- omsynsone friluftsområde	Ronny Mowatt	I arealdelen til kommuneplanen er vår felles utmark på Straumsnes avsett til omsynsområde friluftsliv. Gbnr 32-1, 33-1, 33-2, 33-3 som representerer ca 75% av skylda, motset seg denne disponeringa av arealet dersom dette set begrensingar eller det som verre er, bandlegg arealet på ein slik måte at det går ut over grunneigarane sine rettar.	Merknaden er teke til følge. Vi vil legge inn ei spesifisering i føresegnene som sørgjer for dette.

KV39	NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn	Flekkje: NAF registrerer at det er stor interesse blant unge for å bygge bustad i Flekke. Med auka bustadbygging og avsetnad av 24,2 daa til kombinert bygg og anlegg (forretning, kontor og bustad) mellom Flekke og Haugland, vil det bli meir aktuelt med betre tilrettelegging for gåande og syklande frå Haugland til Dale. Veggen frå Flekke til Haugland har i dag dårleg belysning og nokre fjellhamrar med nedfall av stein. Veggen vert i dag mykje nytta både av elevar ved UWC, pasientar ved Haugland rehabiliteringssenter, fastbuande i området og til fritids- og rekreasjonsføremål. Gatelys mellom Flekke og Haugland bør prioriterast	Merknaden er teke til følgje. Det er lagt inn fleire områder som er klar til utbygging då arealdelen er godkjend.
Nye LNFSP og AB område	Hallvard Skadal	Ynskjer å få endra føremål på eigedommen sin gnr. 40 bnr. 5. Eigedommen består av to delar der den eine ligg ved sjøen og er ei nausttomt og den andre ligg minst 80 meter frå sjø. Del av eigedommen som ligg ved sjø er ei nausttomt, så denne ynskjer han regulert til naust og båt plass. På resterande del av eigedom som ligg minst 100 meter frå sjø ynskjer han å regulere til spreidd bustad der ein opnar for inntil 3 tomter.	Merknaden er tatt til etterretning. Vi vil vurdere å ta området inn i kommuneplanen etter å ha vurdert verkandane i konsekvensutredninga.
Nytt hytteområde på 32/1	Ronny Mowatt	Ynskjer at ein skal på ny vurdere innspel om hytteområde på gbnr 32/1. Dette området vart silt ut i silingsrapporten i fyrsteomgang fordi det var for bratt.	Merknaden er teke til etterretning. Vi ynskjer framleis ikkje ta dette inn som hytteområde grunna omsyn til landbruk og nærliggjande bustadar.

Merknadar til reguleringsplanar

Plan	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Løkjevika	STFV	Ifølgje § 1.6.3b i føresegnene er byggjegrensa lik føremålsgrrensa når byggjegrensa ikkje er vist på plankartet. Vi forstår det derfor slik at føremålsgrensene i dei to nemnde reguleringsplanane også er byggjegrense. Vi er sterkt kritiske til korleis byggjegrensa er fastsett i desse planane. Planomtalen side 11: « <i>Undervegs i planarbeidet er det gjennomført ei vurdering av om gjeldande reguleringsplanar er i samsvar med nasjonale og regionale interesser...Denne vurderinga inngår i konsekvensutgreiinga</i> ».	Merknaden er teke til følgje. Reguleringsplanen vert ikkje vidareført, men ein beheld føremålsområda for fritidsbustadar og bustadar. Vi set plankrav for området.

		<p>Vi finn ikkje vurderinga for kvar enkel reguleringsplan, og kan ikkje ta stilling til om gjeldande reguleringsplanar er i samsvar med nasjonale og regionale føringar og interesser. Vi har ikkje kapasitet til å sjå gjennom alle reguleringsplanane som skal vidareførast, men vi ser at reguleringsplanane for Løykjevika og Folkestad ikkje er det.</p> <p>Med unntak av to hytter, ei i det nordlegast byggjeområdet og ei i det sørlegaste byggjeområdet for fritidsbustadar er ikkje reguleringsplanen utbygd. Det er ikkje fastsett byggjegrense på plankartet, dvs. at føremålsgrensa gjeld som byggjegrense. Føremålsgrensa ligg på det kortaste 4 meter frå sjøen. Det ligg to område for «bebyggelse og anlegg» i sjøkanten i reguleringsplanen som heller ikkje er utbygde. Eldre reguleringsplanar er ikkje tilgjengeleg på heimesida til kommunen. Det er uklart kva områda skal brukast til. Kommuneplanen har ikkje føresegner for BA-områda som styrer arealbruken i desse to områda.</p> <p>Vi er kritiske til korleis vidareføringa av planen er handtert og vurdert i kommuneplanen.</p>	
Flekk Bustadfelt	Arbeidsgruppa flekke	5 ledige tomter i Flekke pr. dags dato (i følge heimesida og arealdelplanen) o Ut i frå kart finn vi to ledige tomter i Flekke byggefelt. Stemmer antalet?	Dette stemmer ikkje, tal ledige tomter blir oppdatert i nytt framlegg.

Våge

Merknader til planføremlå

Planformål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
AB2 og AB3- Annan bebyggelse og anlegg(Naust)	Geir og Norodd Lammetun	I utkastet til den nye arealplanen ligg området AB2 inne med 1 eksisterande nausttomt og mogleg utbygging av 4 nye tomter. AB3 ligg inne med 4 nye nausttomter. Vi ynskjer at ein ser på moglegheitene for å samle desse 9 nausttomtene på området AB3. Det planerte området på AB2 blir i dag nytta som parkeringsplass og opphaldsplass av grunneigar. Dette ynskjer vi også at området skal nyttast til i framtida. Ei utbygging av 4 nye naust i dette området vil krevje relativt store terrenginngrep i strandsona. Det naustet som	Merknaden er teke til etterretning. Vi stiller oss positive til samling av naust.

		står oppført i området AB2 er elles fjerna for ei tid tilbake. Kan ein samlokalisere nausttomtene i området AB3 vil ein sleppe terrenginngrep då dette området allereie er ferdigplanert i sin heilheit. Ved å samle nausta på dette området vil ein heller ikkje overstige 10% BYA.	
BFR1_EKSISTERAR IKKJE	STFV	Vi finn ikkje BFR1 ved Lammetun slik det står i føresegnene. Vi finn at ID-en er brukt på eit område innanfor reguleringsplan for Folkestad. Ifølgje planomtalen går det fram at det er ni eksisterande tomter her og fem nye. Området er ikkje KU. Vi veit ikkje kva område dette er, eller kva som er meint. Planen må vere eintydig.	Merknaden er teke til følgje. Dette vil bli retta opp i.
BFR2-6-Fritidsbebyggelse	STFV	<p><i>BFR2</i></p> <p>Det går fram av KU: <i>Føremåls grensa grensar til sjøen i sør, medan i nord er det over 30 meter til sjø. For å leggje opp til fortetting i eksisterande område kan det difor forsvarast at det vert bygd eit par fritidsbustader til i området.</i></p> <p>Vi meiner nye tomter må plasserast på nordaustsida av Vågsvegen for ikkje å kome i konflikt med strandsonevernet.</p> <p><i>BFR3, BFR4 og BFR6</i></p> <p>Byggjegransa må justerast slik at ho er i samsvar med side 257 i konsekvensutgreiinga: <i>«Sjølv om områda er utbygd har ein tatt høgde for at det kan skje utvikling i områda i form av tilbygg, uthus, garasjer og liknande, og byggjegransa er då sett slik at utvikling ikkje kan skje nærare sjøen enn i dag».</i></p> <p><i>BFR5</i></p> <p>Nye tomter må ikkje føre til nedbygging av myr eller myrområde, eller føre til at slike område blir øydelagde. Føresegnene må ha føringar som sikrar dette. Det er under naturmangfald i konsekvensutgreiinga til BFR5 sagt at: <i>«Eit myrområde midt i feltet har ikkje utskilde tomter og er dels påverka av veg og hyttebygginga omkringDersom myra vert bygd ut med hytter vil det vere i tråd med eksisterande plan».</i> Det er konkludert med: <i>«ubetydeleg konsekvens for alle miljøtema med unntak av klima pga. nedbygging av myr som gjev negativt klimautslepp».</i></p>	Merknaden er teke til følgje. Byggegrensene blir endra på og arealføremålet til BFR5 vil bli endra med omsyn til myr.

FT1- Fritids- og turistformål	STFV	Det er to byggjegranser i området, men kven av dei gjeld? Vi har ikkje innvendingar til den austlegaste byggjegransa under føresetnad at føremålsgrensa i nord vert trekt lenger sør.	Merknaden er teke til følgje. Byggegrensene blir retta opp i.
N1	Fjaler kommune	Området består hovudsakleg av myr, og det er uheldig å legge opp til ei slik trafikkområde som eit slikt område kan generere på veggen ut dit. Samt er det dårleg vasskapasitet i området.	Område er teke ut.
N2-3-Næring	STFV	<p>Av ulike flyfoto i www.norgebilder.no ser det ut til at arealet som skal fyllast ut består dels av opne blautbotnsområde, dels av område med stein og tang. Det nyaste flyfotoet (2020) viser at det er gjort eit inngrep som har laga ei lys stripe på botnen i sørvest. Naturtypelokaliteten i Naturbasen er avgrensa med grunnlag i eit flyfoto frå 2014, medan flyfotoet frå 2020 viser meir blautbotn og mindre stein og tang. Uansett om det er rein blautbotn eller stein og tang, er slike gruntområde mellom dei mest produktive naturtypene i marint miljø. Dei bør derfor ikkje brukast ukritisk til utfylling, slik praksis har vore i mange år. I DN-handbok 19, <i>Kartlegging av marint biologisk mangfold</i>, er følgjande viktige utformingar av blautbotnsområde i strandsona trekt fram:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bølgjepåverka strender av rein sand 2. Strandflater av mudderblanda sand med skjell og sandmark (<i>Arenicola</i>), ofte òg med spreidd vegetasjon av tang på stein. 3. Strandflater med blautt mudder i beskytta område <p>Planområde N2 går inn i ein lokalitet av type 2, med både mudderblanda sand og spreidd tangvegetasjon på stein. Den marine naturtypekartlegginga i området har truleg dermed ikkje fått med seg heile det verdifulle arealet i området. Dersom ein ser heile området under eitt, som det ser ut til å vere god grunn til, og slår saman dei to alt eksisterande naturtypelokalitetane med blautbotn i området, og legg til det som på grunn av dårleg flyfoto ikkje er inkludert, kjem ein truleg opp i eit samla areal på rundt 100 daa. Blautbotnsområde sør for Stad som har eit areal på over 100 da skal ifølgje DN-handbok 19 ha verdi B (regionalt viktig). Ei utfylling her kan derfor råka regionale verdiar. Ei eventuell utfylling bør ikkje leggjast på desse blautbotnsområda.</p>	Merknaden er teke til følgje. Vi er einig i statsforvaltaren sine vurderingar, og på grunnlag av dette tek vi ut dette N2.

<p>RU1-2- Råstoffutvinning</p>	<p>STFV</p>	<p>Konkret for døma RU1, RU2 og N43 meiner vi områda må reduserast slik at myrområda ikkje er ein del av byggjeområda, eller det må leggjast inn føresegner som sikrar at myrområda ikkje vert utbygde eller øydelagde. <i>RU1</i> Det er kring 50 daa myr i området som blir utbygd. Kommunen har rekna ut at kring 25 500 tonn CO2 vert sleppt ut over 20 år ved nedbygging av området. <i>RU2</i> Det er over fem daa myr i området som blir utbygd. Kommunen har rekna ut at kring 25 000 tonn CO2 vert sleppt ut over 20 år ved nedbygging av området.</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Vi vil endre føremålet til LNF og legge inn ei omsynssone for mineralressursar.</p>
	<p>VLFK</p>	<p>Fylkesutvalet ser positivt på at det er lagt til rette for råstoffutvinning gjennom planen. Områda RU1 og RU2 bør visast som omsynssoner for mineralressursar etter pbl § 11-8 c. Ei omsynssone vil ta vare på ressursen, samstundes som området kan nyttast i tråd med LNF-føremålet.</p> <p>Areala for råstoffutvinning RU1 og RU2 er på høvesvis 597 og 460 daa (usikker på om desse tala er justert etter grensejusteringa som er gjort i siste utkast), og kjem inn under tiltak nr 19 i vedlegg 1 til forskrift om konsekvensutgreiingar. Det kan vere ei føremålstenleg løysing at desse to områda heller vert vist som omsynssoner for mineralressursar etter pbl § 11-8 c enn som føremålsområde. Dette med tanke på samverknad mellom plan- og bygningslova og minerallova, kva som bør avgjerast på planstadiet og kva som vert avklart ved søknad om driftskonsesjon etter minerallova.</p>	<p>Merknaden er teke til følge. Vi vil endre føremålet til LNF og legge inn ei omsynssone for mineralressursar.</p>
	<p>MDG</p>	<p>Ta RU1 ut av planen grunna dei enorme negative konsekvensane for naturen og klimaet. Ta RU2 ut av planen grunna dei enorme negative konsekvensane for klimaet.</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Sjå kommentar over.</p>
<p>SH2- Småbåthamn</p>	<p>Geir og Norodd Lammetun</p>	<p>I SH2 er det avsett eit stort nok areal, men vi ynskjer å legge flytebrygga frå industriområdet og mot sør og ikkje mot nord slik det i dag kjem fram av plankartet. Årsaka til dette er at området slik det er lagt inn i kartet no, ikkje er godt eigna for småbåthamn grunna vindforhold, djupne og konflikt med skipsleda gjennom Lammetun sundet. Ved å justere grensa på området slik som vist i vedlegget SH2, vil ein få eit mykje betre eigna areal for småbåthamn. Ved å legge flytebrygga i området mot sør vil denne ligge langs eksisterande kaifront og dermed ha mindre påverknad på strandsona. Ein vil ligge godt beskytta mot</p>	<p>Merknaden er teke til følge. Arealføremålet blir flytta.</p>

		vind, samt vere mindre eksponert for båttrafikk og hytteområdet på Trollhamaren.	
SH5- Småbåthamn	STFV	Vi meiner at områdeavgrensinga for følgjande område for småbåthamner bør reduserast: SH5 (området er kommentert over), SH7, SH9 og SH17 og SH23/AB22 (i sør).	Merknaden er teke til følgje. Området vert teke ut.
SH7- Småbåthamn	STFV	Ifølgje KU skal det berre etablerst gangsti til området. Dette går ikkje fram av føresegnene. Det er gjeve dispensasjon for flytebyggje på inntil 16 plassar i området. Vi meiner områdeavgrensinga må reduserast. Vi er kritiske til område SH7, men her har kommunen alt gjeve dispensasjon for etablering av flytebyggje utan at saka har vore på høyring	Merknaden er teke til etterretning. Vi legg inn føresegn om gangsti.
SH9- Småbåthamn	STFV	Ifølgje KU skal det berre etablerst gangsti til området. Dette går ikkje fram av føresegnene. Det ligg to små flytebyggjer her som delvis betener områda BFR4 og SPFR4. I KU er det vurdert at det er behov for å utvide småbåtanlegget. Vi meiner det bør etablerast eit fellesanlegg her, og ikkje ei tredje flytebyggje. Områdeavgrensinga bør reduserast. Vi meiner at områdeavgrensinga bør reduserast.	Merknaden er teke til etterretning. Områdeavgrensinga blir redusert noko.
SH11- Småbåthamn	STFV	Sjølv om området er halvert med bakgrunn i KU, fordi det vurderte området var mykje større enn behovet, vil landskapskonsekvensane likevel vere vesentlege. Området ligg eksponert til, og det er få tiltak her i dag og det ligg i tilknytning til eit gruntområde. Det er berre ei lita flytebyggje med plass til to båtar her i dag. Det går fram av KU: « <i>Dette tiltaksområdet er meir eksponert enn dei andre områda som er føreslått til småbåthamn på Kysneset, og det er difor venta at ei større utbygging vil forringe landskapet</i> ». Vidare går det fram av KU at: « <i>Tilkomst til området vil skje gjennom eit etablert hytteområde som mange vil unngå å køyre/gå gjennom pga. kjensla av at det er privat. For å unngå nye inngrep i strandsona bør tilbodet om småbåthamn koordinerast og samlast i anlegg som ikkje berre dekker eit avgrensa tal fritidsbustader, men også fangar opp behovet for Kysneset generelt. Dette vil medføre eit parkerings- og tilkomstbehov for bilar. Biltilkomst til hamna er ikkje heldig pga. at det vil medføre inngrep i urøyrte område og ny opparbeidd veg langs sjøen. Men området har ein av dei beste lokalitetane på Kysneset til å koordinere småbåthamn</i> ».	Merknaden er teke til etterretning. Området er redusert i storleik. Det er teke utgangspunkt i at eksisterande flytebyggje blir utvida.

		Ut frå landskapsverknadane og behov for tilrettelegging i strandsona i eit tilnærma urørt område, meiner vi at området ikkje bør godkjennast. Vi meiner område SH11 og SH21/AB21 ikkje bør godkjennast.	
SH17- Småbåthamn		Det er minst seks eksisterande flytebyggjer i området. Ifølgje KU blir det ikkje lagt opp til nye eller andre tiltak i området. For å sikre dette meiner vi at føremålsavgrensinga må justerast.	Merknaden er teke til følge. Vi redusera område for småbåthamn noko.
SPB1,2 og 4- Spreidd bustad	STFV	Områda omfattar dyrka jord, og sjølv om eit bustadhus vert plassert utanom dyrka jord, så kan plasseringa innebere fare for drifts- og miljømessige ulemper for landbruket grunna støy og luktplager. Avgrensinga av nokre av områda for LNF-spreidd bør justerast/avgrensast på grunn av andre verdiar, t.d. landbruksverdiar (SPB1, SPB2 og SPB4). Vi meiner det må vurderast ei ytterlegare avgrensing/justering av følgjande område for LNF- spreidd: SPB1, SPB2, SPB4, SPFR1, SPFR5-8, SPN2 og SPN60. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner vi det er krav om reguleringsplan for iallfall følgjande område: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.	Merknaden er teke til etterretning. SPB1 og SPB2 beheld dagens utforming, men vi justerer byggegrensa på SPB1. Det meste av arealet er grunnlendt innmarksbeite, så området beheld dagens utforming. SPB4 gjerast om til eit bustadområde med krav til reguleringsplan.
SPB5-6- Spreidd bustad	STFV	Det er relativt store område som er sett av til spreidd utbygging. Fleire av områda ber i tillegg preg av å vere feltutbygging og reiser problemstillingar som, etter vår vurdering, automatisk utløyer krav om reguleringsplan etter §12-1 i pbl. Etter det vi kan sjå gjer dette seg gjeldande for til dømes: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60. Vi meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren. Det er opplyst at det er kring 16 daa myr i område SPB5 (LNF-spreidd bustad). I konsekvensutgreiinga for SPB5 skriv kommunen at: «Myra bør ikkje bli utbygd». Vi kan ikkje sjå at dette blir følgt opp i føresegnene. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner vi det er krav om reguleringsplan for iallfall følgjande område: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.	Merknaden er teke til følge. Områda er redusert kraftig og tal nye bustadar er også redusert.
SPFR1- LNF- spreidd fritidsbebyggelse	STFV	Det er relativt store område som er sett av til spreidd utbygging. Fleire av områda ber i tillegg preg av å vere feltutbygging og reiser problemstillingar som, etter vår vurdering, automatisk utløyer krav om reguleringsplan etter	Merknaden er teke til følge. SPFR1 bør endrast til å ha planføremål «Fritidsbusetnad-

		<p>§12-1 i pbl. Etter det vi kan sjå gjer dette seg gjeldande for til dømes: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.</p> <p>Vi meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren. Det er i tillegg fleire byggjeområde der føremålsgrensa ligg berre få meter frå sjøen der vi meiner byggjegrensa må trekkjast tilbake (t.d. SPFR1, SPFR4-SPFR8, LNFSP20). Vi meiner det må vurderast ei ytterlegare avgrensing/justering av følgjande område for LNF-spreidd: SPB1, SPB2, SPB4, SPFR1, SPFR5-8, SPN2 og SPN60. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner vi det er krav om reguleringsplan for iallfall følgjande område: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.</p>	SOSI1120» i staden for «spreidd fritidsbusetnad-SOSI5220».
	Geir og Norodd Lammetun	<p>Når det gjeld spreidd fritidsbebyggelse vil vi gjere oppmerksame på det som truleg er ein skrivefeil for tal nye einingar for område SPFR1 i planomtalen. SPFR1 er eit innspel ifrå Fjaler Kommune si side der det var eit ynskje om at ein skulle legge til rette for 5 nye einingar. I første høyringsrunde spelte grunneigar då inn at ein ynskte totalt 7 nye einingar i dette området pga. stor etterspurnad etter fritidstomter. Fjaler Kommune konkluderte då med at ein skulle fasthalde 5 nye einingar i dette området. I føresegner og retningsliner, silingsrapport, konsekvensanalyse og i sak 128/20 til Formannskapet ligg SPFR1 inne med 5 nye einingar.</p>	Merknaden er teke til følgje. Det står feil tal i planomtalen, dette vi vi rette opp i.
SPFR2- LNF-spreidd fritidsbebyggelse	STFV	<p>Vi er sterkt kritiske til byggjeområdet SPFR2. Området ligg berre 10-15 meter frå sjøen. Strandsona ser tilgjengeleg ut. Føresegnene har ikkje føringar som sikrar at det vert sett att tre mellom hyttene og sjøen slik som er omtala i KU. Elles viser vi til merknadar til SPFR20 under verdivurderingar. Vi er ikkje samd i vurderinga under strandsonen: «<i>Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av ei fritidsbustad til som er vurdert til å ikkje påverke strandsona negativt</i>».</p> <p>Vi meiner det er uheldig for strandsoneverdiane om det vert lagt til rette for ei hyttetomt til her, nærare sjøen enn den eksisterande.</p>	Merknaden er delvis teke til følgje, Området er kraftig redusert grunna avstand til sjø. Det er likevel mogleg i opprette ein fritidsbustad til i området samstundes som ein opprettheld avstand til sjø og den eksisterande fritidsbustaden.
SPFR3- LNF-spreidd fritidsbebyggelse	STFV	<p>Vi er sterkt kritiske til byggjeområda SPFR2, SPFR3 og SPFR20. Nytt område 15-30 meter frå sjøen. Byggjeområdet er utan tiltak frå før, og utanom vegen så ligg området eit godt stykke frå andre inngrep. Området ligg nær Lona</p>	Merknaden er teke til etterretning. Området er

		naturreservat som er sentrert kring nedste delar av Loneelva som renn ut i Breivågen. Vi meiner det både ut frå strandsone-, natur- og landskapsverdiane er uheldig å opne for fem fritidsbustadar i området. Kommunen bør konsentrere LNF-spreidd til eksisterande område, og ikkje ta hol på nye område slik som her.	redusert betraktelig og tal nye hytter er redusert til 3 stk.
SPFR4-7-LNF-spreidd fritidsbebyggelse	STFV	<p>Det er relativt store område som er sett av til spreidd utbygging. Fleire av områda ber i tillegg preg av å vere feltutbygging og reiser problemstillingar som, etter vår vurdering, automatisk utløyser krav om reguleringsplan etter §12-1 i pbl. Etter det vi kan sjå gjer dette seg gjeldande for til dømes: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60.</p> <p>Vi meiner det ikkje er mogleg å byggje dei nye einingane føresegnene opnar for i desse områda, samstundes som det er stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei, jf. rettleiaren. Ut frå føremålsavgrensinga av områda og utforming av føresegnene meiner vi det er krav om reguleringsplan for iallfall følgjande område: SPB4, SPB5, SPB6, SPFR1, SPFR4, SPFR21, LNFSP20 og LNFSP60. Det er i tillegg fleire byggjeområde der føremålsgrensa ligg berre få meter frå sjøen der vi meiner byggjegrensa må trekkjast tilbake (t.d. SPFR1, SPFR4-SPFR8, LNFSP20). Vi meiner det må vurderast ei ytterlegare avgrensing/justering av følgjande område for LNF- spreidd: SPB1, SPB2, SPB4, SPFR1, SPFR5-8, SPN2 og SPN60.</p> <p><i>SPFR5</i> Nye tomter må plasserast aust for Kjosnesvegen.</p>	Merknaden er teke til følgje. Område SPFR4 har fått noko endra om minke avgrensing grunna myr. SPFR5 og 6 har blitt redusert med omsyn til myr og strandsone. SPFR7 har blitt redusert med omsyn til strandsone.
	Evj Kjosnes Singstad	Eigar av gbnr 24/145 er negativ til fortetting av SPFR5. Særskild vil ho unngå at det kan kome nye hytter tett opptil hennar. Terrenget er slakt og verknaden at fortetting vil vere verre av denne grunn. Arealføremålet bør trekkast tilbake til der den opprinnelege tomta låg i den gamle arealdelen og i nærleiken til den offentlege vegen.	Merknaden er teke til følgje. Føremålsgrensa vert endra noko kring denne eigedommen grunna omsyn til strandsona.
SPFR8- LNF-spreidd fritidsbebyggelse	STFV	Det er i tillegg fleire byggjeområde der føremålsgrensa ligg berre få meter frå sjøen der vi meiner byggjegrensa må trekkjast tilbake (t.d. SPFR1, SPFR4-SPFR8, LNFSP20). Vi meiner det må vurderast ei ytterlegare avgrensing/justering av følgjande område for LNF- spreidd: SPB1, SPB2, SPB4, SPFR1, SPFR5-8, SPN2 og SPN60.	Merknaden er teke til følgje. Føremålsgrensa vert endra noko grunna omsyn til strandsona.

SPN2- Spreidd næring	STFV	Byggjeområde SPN2 (næring – utviding av eksisterande næring) og SPFR6 har føremålsgrænse i sjøkanten. Det er uklart kva vidareutvikling ein ser for seg i SPN2, og om framtidig næringsaktivitet, i motsetning til eksisterande, må liggje heilt i sjøkanten. Tilbaketrekking av byggjegrense må vurderast i SPN2. Bygging i strandsona bør avgrensast til bygningar og føremål som <i>må</i> liggje ved sjøen. Vi meiner det må vurderast ei ytterlegare avgrensing/justering av følgjande område for LNF- spreidd: SPB1, SPB2, SPB4, SPFR1, SPFR5-8, SPN2 og SPN60.	Merknaden er teke til følgje, området blir omregulert til kombinert byggje- og anleggspålegg med spesifiseringa bustad, forretning og overnatting i føresegnene. Elles er området redusert og kva som er tillate vil vidare bli spesifisert i føresegnene.
VA1-4	VLFK	Arealet til dei eksisterande akvakulturlokalitetane i sjø er vesentleg utvida. Fylkesutvalet støttar eit slikt grep, fordi det gir næringa meir fleksibilitet i høve drifta. Det bør gjennomførast konsekvensutgreiing for desse områda, for å avklare konsekvensane for andre interesser i områda rundt og i Dalsfjorden.	Merknaden er teke til følgje. Utviding av desse lokalitetane vil bli konsekvensutreda.
	Kystverket	VA1 – lokalitet 33597 Grytøyaholmen Areal til VA1 er betydelig utvida frå 1. til 2. gongs høyring. Arealet til VA1 i 2.gongshøyringa tangerer kvit sektor til Vilnesfjord lykt. Akvakulturområdet VA1 må reduserast slik at det ikkje kjem heilt inn til sektorstreken. Det må leggjast inn ein buffer på 50-100 meter frå ytterpunkt i overflata på VA1 til sektorstreken som syner kvit sektor (reint farvatn) frå lykta. VA2 – lokalitet 11814 Furevika Areal til VA2 er utvida frå 1. til 2. gongs høyring. Arealet i 2.gongshøyringa kjem ut i kvit sektor til Vilnesfjord lykt. Statistikk frå Kystdatahuset syner at utvida akvakulturområde vert brukt av ferja til/frå Fure. Sjølv mindre endringar i seglingsdistanse har konsekvens for miljøregnskapet over tid. VA2 må reduserast slik at arealet ikkje kjem i konflikt med kvit sektor.	Merknaden er teke til følgje. Naudsynte endringar vert gjort.
VA5- Akvakultur på land	STFV	Området er svært stort og det er inga differensiering på arealbruken, noko som gjer det vanskeleg å vurdere verknadane av tiltaket. Arealet må differensierast, både når det gjeld kva areal som skal over sjøoverflata og for kva areal som skal vere fylling under sjø. I tillegg må arealet inn mot strandsonen og elveos for Gjølangerelva differensierast på kommuneplannivå. Planforslaget opnar for industriområde i og rundt elveosen. Vi finn i tillegg at verknadane på naturmangfaldet i Gjølangerelva er utilstrekkeleg vurdert.	Merknaden er teke til følgje. Området blir differensiert nærare i nytt framlegg.

		Samla vurdering er at arealet må differensierast tydelegare og ha ein høgare detaljeringsgrad før vi kan ta stilling til verknadane på naturmangfald. Slik arealet ligg i dag kan det få stor negativ verknad på naturmangfaldet.	
VA6- Akvakultur på sjø	STFV	Området er i 2020 klarert til produksjon av makroalgar til konsum. Vi er usikker på om «klarert» er det same som konsesjon i denne samanheng. Det er opplyst at arealet ligg inne i gjeldande kommuneplan som akvakultur. Konsekvensutgreiinga vurderer berre området som område for akvakultur, men seier ingenting om kva konkrete tiltak som skal etablerast i denne typen akvakulturområde. Vi meiner dette er mangelfullt med tanke på kva som bør vurderast i ei konsekvensutgreiing. Verknaden på naturmangfald er vurdert til å vere liten, føresett at det er snakk om produksjon av makroalgar. Det må i føresegnene knytast krav til kva som kan produserast på lokaliteten, jf. klarering i registeret til Fiskeridirektoratet.	Merknaden er teke til følgje. Føresegn som begrensar produksjonsområde blir lagt inn.
	Fiskeridirektoratet	Rundt lokalitet 45040 Agnalsvika (VA6) meiner vi sikringssona må gjerast mindre, både av omsyn til rekefeltet og sidan det føregår makrellfiske i området. Fiskarane må ha moglegheit å nytte seg av låssettingsplassane ved Storevikneset og Agnalsvika. Vi meiner at sikringssona ikkje treng å strekke seg så langt nordover.	Merknaden er teke til følgje.
FV607 og FV5655	NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn	Fv 607/ fv 5655 Solheimkrysset – Lutelandet: Ved auka næringsaktivitet på Lutelandet vil behovet for opprusting av fylkesvegane også auke. NAF vil tilrå at utbetringa skjer før det vert opna for utvida næringsaktivitet og i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplanar. Trafikktryggleiken må kartleggast. I arealplanen vert det opna for spredt busetnad og fritidsbustader, og det er planlagt framtidig campingplass på Furset med 12,3 daa (FT2) og 41,2 daa til framtidige utleigehytter (FT60). I tillegg er det planlagt 15 nye fritidsbustader i områda Lammetun, Hatlevik og Kysneset. Dette vil truleg gi ein del nye tilførslegevar til fylkesvegane og noko auka trafikk som kan gi eit uoversiktleg trafikkbilete. Det er viktig at det ikkje vert laga nye trafikkfeller.	Merknaden er teke til etterretning.
Nytt VA område		Firda Sjøfarmer er på leting etter et akvakulturareal hvor vi kan etablere ny lokalitet. Vi har funnet et område i Fjaler kommune som ser egnet ut som plassering for en lokalitet for laks og ørret. Akvakulturarealet ligger sør-øst for Myrbærskjera i Buefjorden.	Innspelet er teke til følgje. Sjå kommentarar i konsekvensutgreiing.

		<p>Vi har lagt oss utenfor hvit sektor fra fyrlyktene Buskøygavlen, Sakrisskjeret og Raudøyna. Vi er innenfor hvit sektor fra fyret Geita, men ettersom vi har plassert arealet bak holmene Myrbærskjera mener vi det ikke vil utgjøre en større fare for skipstrafikken enn holmene i utgangspunktet gjorde som ligger i hvit sektor</p> <p>Vi har også lagt arealet utenfor fuglereservatet «Myrbærskjera Naturreservat». Vi driver i dag tett på naturreservat på flere lokaliteter, og mener vi kan opprettholde drift i nærhet til reservatet uten at det medfører forstyrrelser av betydning i hekkesesong. Lokalitetsvolum i kommunen spiller direkte inn på utbetaling av havbruksfondet, slik vil en etablering av en lokalitet med 3120 tonn slik vi ser for oss i første omgang være med på å generere faste inntekter til Fjaler kommune. I tillegg vil det kunne generere arbeidsplasser til kommunen.</p>	
--	--	---	--

Merknader til reguleringsplanar

Plan	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Lammetun	Lammetun ferie og fritid	Ber om at reguleringsplanen for lammetun under arbeid, eigedom 272/3, vert tatt med slik den no ligg føre i det vidare planarbeidet for arealplanen til kommunen.	Merknaden er teke til etterretning men vert ikkje fulgt opp. Reguleringsplanen vil bli gjeldande uansett då den blir godkjent.
Folkestad	STFV	<p>Ifølgje §1.2c i føresegnene er det fastsett byggjegrænse i plankartet for reguleringsplanane som er vidareførte.</p> <p>Etter det vi kan sjå er det ikkje vist byggjegrænse på kommuneplankartet i områda der reguleringsplanen for Løykjevika, som vart vedteken i 2001, og reguleringsplanen for Folkestad, som vart vedteken i 2008, ligg. Vi har ikkje kapasitet til å sjå gjennom alle reguleringsplanane som skal vidareførast, og kjenner ikkje til om det er fastsett byggjegrænse i andre reguleringsplanar som det er forslag om å vidareføre.</p> <p>Ifølgje § 1.6.3b i føresegnene er byggjegrænse lik føremålsgrænse når byggjegrænse ikkje er vist på plankartet. Vi forstår det derfor slik at</p>	Merknaden er teke til følgje. Vi tek ein ny gjennomgang av alle reguleringsplanane og vurderer om det er rettmessig å vidareføre desse.

		<p>føremålgrensene i dei to nemnde reguleringsplanane også er byggjegrænse. Vi er sterkt kritiske til korleis byggjegrænse er fastsett i desse planane.</p> <p>Planomtalen side 11: «<i>Undervegs i planarbeidet er det gjennomført ei vurdering av om gjeldande reguleringsplanar er i samsvar med nasjonale og regionale interesser...Denne vurderinga inngår i konsekvensutgreiinga</i>».</p> <p>Vi finn ikkje vurderinga for kvar enkel reguleringsplan, og kan ikkje ta stilling til om gjeldande reguleringsplanar er i samsvar med nasjonale og regionale føringar og interesser. Vi har ikkje kapasitet til å sjå gjennom alle reguleringsplanane som skal vidareførast, men vi ser at reguleringsplanane for Løykjevika og Folkestad ikkje er det.</p> <p><i>Reguleringsplan for Folkestad, godkjent 2008</i></p> <p>Området er ikkje utbygd. Utleigeleileighetene i naust, som er avsett i reguleringsplanen rett sørvest for føremålet båthamn/småbåthamn, er vist med føremålet fritidsbustadar i kommuneplanen, og det er ikkje fastsett byggjegrænse. Dvs. føremålgrensane er byggjegrænse. Føremålgrensane ligg heilt i sjøkanten. Vi meiner det ikkje bør opnast for fritidsbustadar med byggjegrænse heilt i sjøkanten.</p> <p>Byggjeområdet sør for dette er avsett til utleigehytter i reguleringsplanen, men vist som område for fritidsbustadar i kommuneplankartet. Området manglar byggjegrænse i vest. Vi meiner det ikkje bør opnast for fritidsbustadar med slik plassering.</p> <p>Parkeringsarealet ligg delvis på myr.</p> <p>Vi er i tillegg kritiske til vidareføring av føremålet båthamn/småbåthamn, som ligg i eit gruntområde.</p> <p>Vi er kritiske til korleis vidareføringa av planen er handtert og vurdert i kommuneplanen.</p>	
--	--	---	--

Diverse

Formål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
Vegtrasé Bøneset	STFV	Plankartet viser ein framtidig vegtrasé, vist som raud linje som ikkje er juridisk bindande. Området er nytta som hekkeområde og til fødesøk for fleire fuglearter som har nasjonal verdi. Tiltak i dette området vil ha negativ verknad	Merknaden er teke til følgje. Det er ingen konkrete planar for

		på viktig naturmangfald, og vi er sterkt kritiske til vegtraséen. På grunn av dei store verdiane for naturmangfald i området meiner vi denne må takast ut, og heller ikkje visast som ikkje-juridisk bindande på plankartet og slik skape forventingar om at traséen kan etablerast/vil bli etablert.	denne traseen, så delar av den vert teke ut.
--	--	---	--

Dale

Merknadar til planføremåla

Planformål	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
B40-Bustad	STFV	B40 omfattar fulldyrka jord og er i tillegg i konflikt med strandsonevernet. Bustadområdet er på 4,9 daa og skal gje plass for 3- 4 bustadar. Eit noko større område er sett av til fritidsbustadar i gjeldande kommuneplan, men heile byggeområdet er no redusert med om lag 2 daa. Bortnheim har om lag ti minutt køyreavstand til Dale. Vi stiller spørsmål ved kva vurderingar som ligg til grunn for å leggje eit bustadfelt i denne grenda. Bortnheim er ei lita grend med intakt jordbruks- og kulturlandskap utan større inngrep. Vi meiner at det ikkje bør plasserast eit bustadfelt her.	Merknaden er delvis teke til følgje. Avgrensinga vert endra mot sjø.
	MDG	Har kome med innspel på å legge inn følgjande rekkefølgekrav: For å sikre trygg skuleveg, skal gang- og sykkelveg frå Bortnheim til Dale opparbeidast før det vert gjeve bruksløyve til nye bustadar i bustadområdet B40. Dei ynskjer at område B40 vert omdisponert frå arealføremål fritidsbustad til landbruks-, natur- og fritidsføremål (areal til nødvendige tiltak for landbruk), ikkje til bustadføremål. Grunngjeving: Jordvern: Nesten heile området er fulldyrka jord. Nedbygging av fulldyrka jord er i strid med hovudmålet i kommuneplanen at «Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane» og målet i planomtala om å «Hindre nedbygging av jordbruksland». Sjølv om område er i dag avsett til fritidsbustad i den gamle arealdelen, er det framleis fulldyrka jord i drift og må omdisponerast tilbake til LNRF-føremål for å sikre eit ikkje fornybar naturressurs til matproduksjon. Området er del av eit større areal med fulldyrka	Merknaden er teke til etterretning. Avgrensinga vert endra mot sjø.

	<p>jord. Eit bustadfelt vil redusere det samanhengande jordbruksarealet og skape ulemper for landbruk i den delen som vil grense inn til bustadfeltet.</p> <p>Klimagassutslepp: Dei som bur i området vil vere avhengig av å pendle til arbeidsplassar og fritidssyslar. Etablering av 3-4 bustader vil få ein negativ klimaeffekt der endringa medfører høgare utslepp og lågare CO2 lagring frå atmosfæra. Utifrå berekningane frå miljødirektoratet viser at den totale nettoeffekten av endringa over 20 år blir på ca. 40 tonn CO2-ekvivalenter. Dette er i strid med hovudmålet i kommuneplanen at «Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar».</p> <p>Fjaler slapp ut 15 630 tonn i 2018 som må ned til null i 2050, om Fjaler kommune skal følgje nullmålet til Vestland fylkeskommune, null i 2030. Fjaler har ikkje råd til å auke utslepp, sjølv «berre» 40 tonn over 20 år.</p> <p>Trafikktryggleik: Det er 2,5 km til Dale og ca. 4 km til skule og barnehage. Det er ingen busshaldeplassar eller kollektivtilbod, og ein er difor avhengig av bil. Det er ikkje opparbeidd gang- og sykkelveg og vegen er smal. Dette og avstand til skule/barnehage gir utrygg skuleveg. Dette er i strid med hovudmålet i kommuneplanen at «Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin Samfunnstryggleik». Det er kommunal veg til området. Fjaler kommune har ikkje råd til å byggje 2,5 km gang- og sykkelveg frå</p> <p>Bortheim til Dale p.g.a. etablering av fleire bustader. Dette vert dyrt då vegen går gjennom bratt terreng i eit omsynssone for ras- og skredfare. Planomtala seier at det er ikkje behov for fleire bustader i Dale området – bustadbygging skal skje i tettstader. Etablering av eit bustadfelt i ei lita landbruksgrend eit stykke frå Dale sentrum reduserer moglegheita i høve å nytte kollektiv, gåing og sykling som alternativ til bruka av bil. Planomtala seier at «Det er ikkje venta at det vert stor etterspurnad etter nye større bustadområde i planperioden.» og «Kommunedelplan for Dale handterer den store etterspurnaden etter tomter i Dale.».</p> <p>Konsekvensutgreiinga s.231 seier at «Kommunen erfarer at kommunedelplan Dale løyser bustad- og tettstadsutfordringane». Kommunen sjølv legg til rette for bustadfelt Bjerga B3 med utsikt over fjorden for 28 bueiningar innan gå/sykkelavstand til Dale sentrum – ei langt meir berekraftig utvikling, men ikkje i strandsona slik som i Bortheim.</p>	
--	---	--

		Samla vurdering: Omdisponering til bustadføremål er i strid med jordvern, mål for klimagassreduksjon, trafikktryggleik og bustadplanlegging. B40 må heller tilbakeførast til LNRF-føremål.	
B41	Trond-Arne Strand	Ser at det er planlagt vidareføring av byggeområde, B41 på kart, på gnr 71.bnr 23, ref og planomtale s.13, og kap 4.3. Her kryssar to høgspenlinjer over området, og arealet kan ikkje nyttast til boligføremål. Då eg eig gnr 71/24, er interessert i å kjøpe arealet til lett næringsføremål, og ber kommunen om å gjere arealet om til næring.	Merknaden er teke til følge. Område vert fjerna som bustadføremål, men vert ikkje teke inn som næringsareal grunna konflikt med høgspen, bustadområde og elva.
N41-42-Næring	NAF avd. Fjordane og ytre sogn	N42 og Vassdalsvegen: I samband med første høyringsrunde til arealplanen kom det inn fleire innspel frå bebuarar i området på Håland. Bebuarane har dei seinare åra merka auka trafikk, støy og høgare fart på Vassdalsvegen etter kvart som næringsaktiviteten har auka i området. Dei uttrykkjer sterk uro for planane om utviding av næringsområdet, m.a. fordi dette vil innebere endå meir trafikk. Det er i planomtalen lagt opp til ei utviding av området med 32,8 daa, medan dagens område er på 13,2 daa. Bebuarane har fleire gongar søkt Statens Vegvesen om nedsett fartsgrense, eventuelt også fartsdemparar, men dette har blitt avvist. På Håland bur det i dag 22 born og unge i alderen 1 til 16 år. Vassdalsvegen vert mykje nytta av gåande og syklende, og er utfartsveg til friluftsområde og hyttefelt. NAF er opptekne av barn og unge sine oppvekstvilkår, trygg skuleveg, trygg lokalveg og tilrettelegging for gåande og syklende samstundes som ein ivaretek god mobilitet elles. Vassdalsvegen har fleire uoversiktlege svingar frå Håland og opp til område N42 som potensielt kan gi trafikkulukker. Det er lite eller ingen plass til passasje mellom personbil og lastebil. Vi registrerer at føresegnene stiller rekkjefølgekrav og at trafikktryggleiken må utgreiast i samband med detaljreguleringsplan både for områda N41 og N42. Vidare skal utbetring av fv 5671 Vassdalsvegen, frå krysset ved fv 57 til næringsareal N42, gjennomførast i tråd med detaljreguleringsplan for fv 393 før utvida næringsareal kan opparbeidast. NAF er likevel uroa for at trafikken framleis skal gå i same trasé som i dag, utan redusert fartsgrense eller tiltak for å skjerme bebuarar og trafikantar i området på Håland. Det er i planomtalen ikkje sagt noko om arealet N42 kan bli brukt som framtidig massedeponi i samband med utbetring av fv 57, men i så fall kan det innebere	Merknaden er teke til etterretning. Sjå kommentar til merknaden frå naboane på Håland.

		betydeleg trafikkauke på Vassdalsvegen. Den enklaste løysinga vil vere utbetring innanfor dagens trasé OG nedsett fartsgrense. Dette gjev likevel ikkje dei beste tilhøva for trafikktryggleiken i området og omsynet til barn og unge. NAF vil difor oppmode Fjaler kommune om å sjå på alternativ vegtrasé til område N42 på sikt, <i>i tett dialog med grunneigarar og bebuarar på Håland/Lynje for å finne ei tilfredsstillande løysing.</i>	
	Trond-Ole Håland	Han meiner N42 ikkje er grundig utgreidd og er bekymra over den estetiske konsekvensen næringsområdet vil gje grenda Håland samt trafikkauka som vil tilkomme. Han meiner og at næringsområdet med maksimal mønehøgde på 12 meter vil gje ein negativ konsekvens for landskapet kring avslutninga på Den Trondhjemske postveg. Han påpeiker vidare at ein ikkje har vektlagt naturressursane i området, då området vil vere i vegen for eit eksisterande hjortefar, og at dette er noko ein må vurdere vidare i prosessen.	Merknaden er teke til etterretning. Sjå kommentar til merknaden frå naboane på Håland.
	Atle Ellingsen	Realisering av N42 i forslag til ny KPA som har lagt ute til høyring, vil vere destruktivt for: kulturarv - ulike naturtyper - klima - dyreliv - friluftsliv - estetikk - trivnad og tryggleik for dei som bur på Håland.	Merknaden er teke til etterretning. Sjå kommentar til merknaden frå naboane på Håland.
	MDG	Utvida næringsområdet N42 – Jota/Vassenden vert framleis LNR-føremål, ikkje næringsareal Grunngjeving: Svært sårbart i forhold til trafikktryggleik. Turområde. Mogleg ureining til vassdrag. Utbygging av skog inkludert myr av sær s høg eller høg bonitet gir negativt klimautslepp - over 20 år blir på ca. 1000 tonn CO2-ekvivalenter i strid med hovudmål om reduksjon i klimagassutslepp. Alternativ: Ovanfor og nedanfor Raknebergsvegen nord for innmarksbeite 91/1der granskogen er hogga ned. Kort veg til Fv. 57 utan bustader. Mindre synleg frå Håland, ikkje skred- og rasfare. Mindre myr. Skap nye arbeidsplassar ved å leggje til rette for næring langs Raknebergvegen som er langt mindre konfliktfullt enn på Jota/Vassenden.	Merknaden er ikkje teke til følgje. Sjå kommentar til merknaden frå naboane på Håland.

	<p>Naboar på Håland: Atle Ellingsen, Birgit Hekland, Øyvind Rye Dybvik, Hanne-M. Heia Dybvik, Marit Gudmundsos, Frank Refsnes, Kay-Olav Risløw Hjellbrekke og Maren Steffensen</p>	<p>N42 må takast ut av planen og bevarast som LNF område. Videre nedbygging av natur i Vassenden på gnr 75/5 vil.:</p> <ul style="list-style-type: none"> -utslette gammel veg frå bygda til Strandavatnet (kulturarv). Ferdselsåra går frå nord til sør gjennom ulike naturtypar; åpne parti/sva med fin utsikt nordover. Den går over i parti med tett vegetasjon, høgreste einer, bjørk, rogn og older; viktig CO2 binding og rensing (klimakrise). Veggen heldast open og nyttast året rundt. Den opner opp for rundturar, friluftsliv som bading, fiske og grilling i/ved Strandavatnet. Ein fin rundtur kan starte Ved Fjellsenden, 200 m sør for krysset Vassdalsvegen/ Hålandsbakken. Følg merking. Turen går gjennom vakker natur mot Strandavatnet, krysser elva under Demma. Gå vidare mot Lynje og attende til Håland via den gamle postvegen-Ein grei rundtur gjennom urørt natur og nytt og gammalt kulturlandskap .Realisering av N42 vil totalt øydeleggje moglegheiter for friluftsliv i det naturskjønne området. -hindre hjortetrek og øydeleggje hjortejakta/viltstellet. Tre ulike verksemdar deler Hålandsmarka i to. I aust, steinknuseverk, i midten base-anlegget til Mk Myklebust og i vest deponi. Gjennom dette beltet er det kun ein korridor mellom den indre- og ytre Hålandsmarka. Tråkket følgjer den gamle veggen som nemnt ovanfor. Jaktleiar i valdet vårt er svært uroa. - føre til eksponering mot nord. N42 ligg på eit høgdedrag med fall nordover. Rasing av den nære horisonten mot sør vil bli særskjemmande for bygda. -resultere i avrenning som får alvorlege konsekvensar lokalt og lenger nede i vassdraget. <p>I første omgang kan sediment/slam fra anleggsverksemd øydeleggje gyte-og oppvekst-vilkår for laks og sjø-ørret . Det er fleier aktive laksefiskarar som brukar elva her, og grunneiagarar og medlemmer av elveeigarlaget har ytra at dei frykter for dei anadrome fiskeslaga i Storelva.</p> <p>Å omregulere dette området fra LNF til næring vil forringe verdiane på Håland . Vi er sterkt ueinig i den nedvurderinga Norconsult har gjort. Avrenning har dei ikkje kommentert i heile.</p> <ul style="list-style-type: none"> -Trafikksikkerhet <p>For oss som bur her oppe på Håland, kjenner vi sterkt på uro knytta til trafikksikkerheit. Det er ingen tvil om at Fjaler kommune sin handsaming av etablering av næringsverksemd i området her, har gjort vedtak som allereie har</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Området i vassdalen har ingen registrerte stiar eller friluftsverdiar registrert i området for N42. Verdien av eit nytt næringsareal blir vurdert som større enn den stien som blir beskrive i merknaden. Det vil framleis vere rom for at hjort kan trekke kring området, formålet vil ikkje gå nærare enn 30 meter frå hovudelva. Større avstandar til denne elva og byggeavstand til bekken skal inn i reguleringsplanen. Utbyggjar må sørge for at det ikkje blir betydeleg avrenning i anleggsperioden, dette er krav som blir stilt i reguleringsplan. Det er rekkefølgekrav om at veggen opp til N42 skal utbetrast før området kan bli tatt i bruk. Nøyare utgreiingar, krav til estetiske omsyn og vurdering av trafikksituasjonen vil kome igjennom reguleringsplanarbeidet. Vi har gjennomgått vurderingane i KU på ny og vurderer at vi bør behalde dette området.</p>
--	--	---	---

	<p>fått store konsekvensar for eit heilt nabolag. Det har blitt ei enorm auke i trafikken dei siste åra, ikkje minst spesialtransport i form av trailerar, lastebilar, traktor og hjullastarar. Det er mange tonn som fraktast på vegen her dagleg, så og sei til alle døgnets tider. Med siste oppgradering etter asfaltering sommar 2019, kan no spesialtransporten ha Bk/totalvekt (tonn) Bk10/50 og maxlengde 19,5 meter. Fartsgrensa er 80 km/t. Vegen er 3 meter brei, bilane som brukast til spesialtransport er 2,5 meter breie. Vi ser også ei stor auke i tal på privatbilar som brukar vegen, og mange av desse held høg fart – dette er eit stort problem for oss som bur her. I nabolaget her på Håland bur det 22 born og unge. Fleire av borna har dette som sin skuleveg når dei skal gå nærmaste bussstopp. Dette er born som ynskjer å møtast på fritida og reise på besøk til kvarandre. Dei ynskjer å sykle og leike, og ha det kjekt og ha ei aktiv fritid saman. Slik trafikksituasjonen er i dag, er allereie desse borna sterkt råka. Dei må alltid gå i fylgje med vaksne, eller i verste fall køyrast i bil til næraste nabo. Mange nyttar vegen til tur, og i sommarhalvåret er turen rundt Strandavatnet hyppig brukt av syklistar. For alle desse, er trafikksikkerheita ikkje ivaretatt.</p> <p>Å vere folkevald og ha plass i formannskap og kommunestyre inneber eit stort ansvar. Ein skal forvalte innanfor gitte rammer for å gje innbyggjarane dei beste vilkåra, med trygge og gode oppvekstvilkår i nærmiljøet.</p> <p>Her er kva Fjaler kommune skriv i sin plandel:</p> <p><i>«Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga» omhandlar kommunen sitt ansvar for barn og unges oppvekstmiljø, og kva krav som vert satt til den kommunale planprosessen for å ivareta desse. Korleis det er der barn veks opp er avgjerande for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Barna sin kvardag blir meir og meir stillesittande. Å skape omgjevnadar som gjev rom for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfalding vert stadig meir viktig. Barn treng ulike moglegheiter for utfalding av aktivitetar og ulike typar møteplassar avhengig av alder.</i></p> <p>Kva tenkjer de om dette i denne saka?</p> <p>Vi som bur her på Håland, kjenner på at Fjaler kommune har svikta oss i stor grad her. Å tillate slik ei næringsverksemd som nå har blitt gjort i vårt område FØR ein ser på trafikktryggleik, er for oss heilt uforståeleg. Ein burde hatt på</p>	
--	---	--

		<p>plass tiltak for trafikktryggleik allereie før ein frå starten av hadde opna for næring og spesialtransport av den storleik vi nå ser i dag. Av desse grunnane er vi difor sterkt imot planane om ytterlegare utviding av næringsområdet N-42.</p> <p>Slik vi ser det finns det areal i kommunen som er betre eigna til næringsutbygging.</p> <p>Ved enden av vegen over Lynje, vest for demma ligg eit nullområde. Her vil det bli mindre eksponering og trafikkmessig vil Vassdalsvegen og Håland bli avlasta. Ellers finns det gode alternativ langs Fv 57, f.eks på opp og nedside av Raknebergvegen. Her er det ingen bustader og det har kortare tilkomst frå Fv 57. Skogen er og hogd vekk her, så området er i prinsippet øydelaagd.</p> <p>Samanlikna med N42 er dette området langt mindre konfliktfylt med tanke på landskap og sjenanse for fastbuande etter vår meining. Det er heller ikkje ras og skredfare frå eit lite stykke opp frå Fv57. Det einaste er at gardskart seier området er skog inklusiv myr, men det er Håland også og vi vil påstå det er mindre myr ved Raknebergvegen enn ved Håland. Det fins og areal bak miljøstasjonen i Flekke (N20 næringsareal frå gjenvinningsstasjonen nordover mot Flekke) som er godt skjerma og som vi ser som eit mogleg alternativ.</p> <p>Målet vårt er ikkje å stoppe næringsutvikling, men i ein kommune som Fjaler med sopass stort areal, meiner vi at det må finnast gunstigare alternativ (for begge parter) enn det området som no ha vore ute på høring.</p>	
N43- Næring	STFV	<p>N43 ligg berre 5 m frå elva. Det er laks og sjøaure i nedre del av elva og i Storelva/Dalselva. Vi oppfattar at byggjegrensa er 30 meter, jf. § 1.6.3c, men skal fastsetjast i reguleringsplanarbeidet. Vi rådde til å justere avgrensinga av N43 etter arbeidsmøtet, for å sikre at det ikkje vert gjort fysiske inngrep i elva eller kantvegetasjonen, og for å hindre avrenning. Elva inngår ikkje lenger i N43, men føremålgrensa ligg berre fem meter frå elva. Konkret for døma RU1, RU2 og N43 meiner vi områda må reduserast slik at myrområda ikkje er ein del av byggeområda, eller det må leggjast inn føresegner som sikrar at myrområda ikkje vert utbygde eller øydelaagde. Det er kring sju daa myr i området som blir utbygd. Kommunen har rekna ut at kring 2400 tonn CO2 vert sleppt ut over 20 år ved nedbygging av området.</p>	<p>Merknadane til N43 vert teke til følgje. Vi tek ut N43 som næringsareal og gjer dette om til LNF. Reguleringsplanen vert heller ikkje vidareført.</p>

	Øyvind Halsnes	<p>Merknad til sak 17/900 planlagt industriområde ved skadalsvegen: Vil påpeike at riksveg 57 frå Dale til det planlagde industriområde idag har mykje tungtransport og biler generelt. Veggen er smal og har 60 sone, det er dårleg passasje når fleire lastebiler møtast. Veggen er dårleg belyst og har heller ikkje gangveg. Dette er uheldig for born og unge som har dette som sin skuleveg og då ferdast til og frå skule og fritidsaktiviteter. Som følge av planlagt nytt industriområde vil trafikken auke og gjere framkomst endå meir utrygg enn det er i dag.</p> <p>Eg og min familie har bustad heilt nær veggen på sletteland og ei auke i trafikken vil verte svært uheldig.</p> <p>Eg er bonde og har beitedyr og landbruksareal både på sletteland og innafor det tenkte næringsområdet noko som eg ikkje ser som særleg heldig. Eg har og jaktterreng innanfor der det aktuelle næringsområdet er tenkt. Eit slik området vil påvirke viltet og kor det ferdast, noko eg ser som uheldig.</p> <p>Det tenkte utbygde området er og nært knytt til mykje brukt jakt og friluftsterreng.</p>	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.
	Bente Monica Haugen	<p>I kommuneplanen sin arealdel for 2020 – 2032, punkt 6.7 Næring har kommunen sett av eit areal i Skaddalen til næringsutvikling, der hensikta er å samle verksemder med arealbehov og til dels støyande drift (Planomtale s.29). Det er også lagt inn ny veg som er dimensjonert for tungtrafikk frå hovudvegen, over dyrka mark og i rett line opp til gardsvegen til huset vårt. Området ein tenker til denne støyande næringsverksemda vil verte vår næraste nabo. Dette har vi ikkje fått noko informasjon om før vi tilfeldigvis les det i plandokumentet. Heller ikkje naboar og grunneigarar det vil angå, kjenner til dette. Framlegget vil ha store negative konsekvensar for oss som bur i dette området: - Livskvaliteten vert forringa av tungtransport og støyande næringsaktivitet, kan hende store delar av døgnet i all overskueleg framtid?</p> <p>- Vi er innflyttarar, men har budd i dette huset i 25 år. Grunnen til at vi bur her er naturen, friluftsmoglegheitene i nærleiken, stillheit og ro. Alle desse grunnane forsvinn dersom det vert støyande næringsverksemd så tett innpå oss</p> <p>- Verdien på huset og tomta vår vert vesentleg forringa</p>	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.

	<ul style="list-style-type: none">- Vi er redde for forureining, både av lufta rundt oss men også av grunnvatnet då vi får alt vatn til husstanden frå eigen brønn tilknytt grunnvatnet- Ei utgraving av myrområde vil, som det står i konsekvensutgreiinga, medføre vesentleg utslepp av CO2- Elva som renn gjennom området er tilsig til lakseførande elv. Det er å anta at forureining av denne fort vil kunne skje- Det har gått fleire store ras i området rett ovanfor det markerte feltet. Kva kan skje dersom ein t.d. grev ut store massar så nær eit slikt område? Det uroer oss.- I konsekvensutgreiinga står det at området ikkje er registrert brukt til friluftsområde eller rekonvalesens. Dette er feil, området vert nytta av svært mange folk i Dale, som turterreng og rekonvalesens grunna stillheit, fin natur og lite trafikk. Det er også jaktområde til grunneigarane.- Naturmangfaldet er i konsekvensutgreiinga sett på som ubetydeleg. Dette er i beste fall provoserande og medfører ikkje riktighet. Det er eit rikt plante- og dyreliv i området, ettersom naturen er mykje urørt. Det er eit rikt fugleliv her, mellom anna kan du sjå både hegrer og fossefall og på Håland er det registrert raudlista insekt og fugleartar. Slik planen og konsekvensutgreiinga ligg føre no, er dette altfor lite utgreidd og gjennomtenkt. Det vil vere stor fare for uoppretteleg skade dersom eit slikt forslag vert gjennomført. Vi ønsker å ta vare på naturen rundt oss, og bu i det vakre landskapet vi har flytta til. For oss handlar dette om livskvalitet her og no, men også om eit miljøperspektiv for framtida. Det er ikkje berekraftig utvikling å rasere eit naturområde med både luft – og lyd forureining som vi kan anta at dette vil bli. Framtidige generasjonar vil ikkje kunne bu her inne, og kommunen reduserer dermed moglegheita for meir busetjing i nær tilknytning til Dale sentrum – noko det vel er eit stor behov for? Håpar kommunen vil ta desse innspela på alvor, og ta vare på kulturlandskapet, oss innbyggjarar som bur her, og ev. framtidige. Vi ber om at forslaget om Skaddalen som næringsområde vert trekt ut av kommuneplanen sin arealdel for 2020-2032.	
--	---	--

	MDG	<p>Industriområdet N43 vert omdisponert til LNRF-føremål, ikkje til næringsføremål.</p> <p>Grunngjeving:</p> <p>Myr: Det er ca. 7 daa myr i området. Utifrå utrekningane frå miljødirektoratet viser at den totale nettoeffekten av endringa over 20 år blir på ca. 2.400 tonn CO2-ekvivalenter dersom området blir utbygd.</p> <p>Jordvern: Dei største samanhengande jordbruksareala finn ein på Sletteland og desse må ikkje vere delt opp i mindre teigar p.g.a. vegbygging. Vest for Fristadvegen er det 22,5 dekar samanhengande innmarksbeite og 29, 3 dekar samanhengande fulldyrka jord (og 5 dekar produktiv skog ved elva). Bygg kommunen ein vegen opp gjennom rett ved sida av Skadalselva, vert det moglegheita for flaum og ureining til elva (som renn vidare til Dalselva) frå miljøgifter og mikroplast frå bildekk. Der er allereie ureining frå Skaddalsvegen langs delar av andre sida av Skadalselva. Små partiklar frå tunnelmassar ein vil tømme i myra kan bli ført til Dalselva, ein lakseelv som høyrer til den nasjonale laksefjorden Dalsfjorden, til smertefull ulempe for fisk. Alternativt areal bør vurderast: 71/1 på nordsida av Skaddalsvegen aust for krysset ved Løsetvegen. Produktiv skog inkludert myr, men kanskje mindre myr enn N43? Elles er området vest for Hålandsbru aktuelt, eit område som ikkje treng bygging av ny veg fram til Fv 57. Om N43 vert likevel utbygt, vil ei utbetring av eksisterande Skaddalsvegen leggje beslag på mykje mindre matjord og vere til gode for fleire innbyggjarar.</p> <p>Det er eigentleg berre tunet mellom Norddal Auto og Skaddalsvegen 1 der det blir vanskeleg å gjere vegen breiare. Dette kan løysast med ei ny trasé for Skaddalsvegen gjennom «anna markslag» (71/6 teig 5, jorddekt fastmark) sør for Skaddalsvegen 1 med ny kryss med Fv 57 som då kan vere 90 grader. Fjaler kommune har ikkje råd til å vedlikehalde eksisterande vegar. Det er økonomisk uforsvarleg å vedta bygging av ein ny veg til fleire millionar som må også vedlikehaldast.</p>	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.
	Trond-Arne Sunde	Ser på plankartet at ny veg er teikna inn sør om Gotebrua og innover, med næringsareal mot Løsetvegen. MEN dersom eksisterande veg, Skadalsvegen skal brukast til næringsområdet, må den opprustast, og eg og andre eigarar som grensar til Skadalsvegen må varslast og takast med i planlegginga av vegen, då	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.

		eksisterande veg er bygd på dårlege massa og sig. Ang. næringsarealet i Skadal N43, så har eg merknad om det kjem tunnelmassar ol. som skal lagrast og sorterast/solding, gr. anleggstrafikk, støy, støv, avrenning til Skadalselva, osv. Ref. og planomtale s. 24, plankart, konsekvensutgreiing s. 241-243, og kap 6.7.	
	Bjørn Atle Haugsbakk og Monika Nyland	<p>Slik me vurderer føreliggande planar, vil det medføre negative konsekvensar for landskap og naturressursar på eigedomen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Området som ein i planen vil omdisponere, frå deponi og etterbruk LNF, til næring, har mellom anna om lag 7 daa myr. Konsekvensane av masseuttak i dette myrområdet, vurderer me som godt utgreidd i konsekvensutgreiinga med tanke på klimautslepp (CO2), men også for plante og dyreliv. • Ein ny veg inn i området vil bryte opp ei heilskapleg fulldyrka slåttemark og kulturlandskap, som vil medføre dårleg arrondering og redusert verdi. <ul style="list-style-type: none"> ○ Det fulldyrka arealet på garden er ein lettstelt samanhengande teig på knappe 30 daa, som pr dags dato er utleigd som slåtteareal til ein lokal mjølkeprodusent og er såleis i full drift. Jordtypen er ei næringsrik mineralblanda moldjord med god kalktilstand. Arealet er lett å jordarbeide og fornye, og er difor eit verdfullt slåtteareal med høg avlingspotensiale. ○ Dersom det vert bygt veg over hovudteigen på garden, vil attståande areal ned mot Skadalselva bli rekna som tapt areal. Det vil mest truleg bli ein smal og lang tarm med mykje kantareal, som med dagens mekaniseringslinjer er lite interessant å hauste. Storleiken på dette området vil vere avhengig av korleis traseen vert lagt, noko som ikkje kjem fram i planen som ligg føre. Syner til Fylkesmannen.no om Jordvern: «Jordvern innebærer å sikre at den beste jorda fortsatt brukes til å dyrke mat, og ikke blir omdisponert til andre formål», oppdatert 28.01.20. ○ Samlevegen vil redusere, i verste fall hindre, høve for framtidig bruk av beiteområdet. Det er ikkje alternativt beiteområde på eigedomen. 	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.

		<ul style="list-style-type: none"> ○ Avhengig av korleis traseen blir lagt, vil eigedomen tape høve for uttak av ved til eige hushald, både på noverande beiteområde samt for arealet det i planen er tenkt til næring. <p>Me stiller oss ikkje positive til ei varig omdisponering av eit området som omfattar myr. Me gjer framlegg om at området vert regulert attende til LNF (Landbruks, natur og friluftsområde). Me ynskjer at kommunen tek omsyn til jordvern og gode høve for lokal matproduksjon i framtida, framfor å ta det til vegbygging, nærings-, og/eller industriføremål.</p> <p>Me ber om at N43 vert teke ut av Kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Merknad: I konsekvensutgreiinga står gards-,og bruksnr. 78/1 oppført under eigedom. Kartet syner eigedom 74/1 Haugsbakk.</p>	
	Liv Sandsund	<p>Ser at det tidligere er kommet innspill i forbindelse med at Skadalselva, (som sideelv til Storelva), er viktig for fiskebestanden. Da nedre del av Skadalselva passerer gjennom hagen på eiendommen vår, er vi hver høst vitne til fisk som kommer opp i elva for å gyte. Alt etter hvilke type industri som er tenkt å komme i Skadalen, er jeg redd for tilsig og forurensing av elva, som igjen kan skade fiskebestanden. Nå i våre dager, da vi ser viktigheten av å bevare matjord og prøve å bedre miljøet, vil jeg påpeke at ved å lage vei og industri i Skadalen, vil begge disse sidene bli skadelidende. Tenker at det ville være naturlig å vurdere andre områder, hvor det allerede er etablert industri, til vekstområder. Dette kan gi både økonomisk og miljømessig gevinst, da en kan bruke ressurser på å ta alle forholderegler som kreves, for et trygt og trivelig område. Som nærområde til Dale, er Skadalen et lett og godt turområde, som ofte benyttes.</p>	Merknaden er teke til følge. Sjå kommentar til statsforvaltaren over.
SPFR40- Spreidd fritidsbebyggelse	STFV	<p>Ifølge KU er det 5 daa myr innanfor byggeområdet. Det er vurdert at: «Tiltaket har negativ konsekvens for klima pga. utbygging av myrområde som gir auka klimautslepp».</p> <p>Vidare er det opplyst at «Det er ca. 11 km til Dale. Med eit lite transporttilbod vil det vere behov for biltransport, men i forhold til fritidsbustader er dette lite relevant».</p> <p>Vi er ikkje samd i at transport i tilknytning til fritidsbustadar ikkje er relevant. Utbygging av hytter generer mykje transport for å kome seg til og frå, men òg</p>	Merknaden er teke til følge. Den reelle arealet med myr er på ca 1 daa, men vi ser inn ei byggegrense som hindrar bygging på dette området.

		når ein oppheld seg på hytta. Samstundes aukar bruksfrekvensen ved høgare standard.	
	MDG	Det skal ikkje byggjast på myr i områda SPFR 40, 41 og 42	Merknaden er teke til følgje.
SPFR41- Spreidd fritidsbebyggelse	MDG	Det skal ikkje byggjast på myr i områda SPFR 40, 41 og 42	Merknaden er teke til følgje, ny føresegn vil sikre dette sjølv om vi no ikkje endrar på arealføremålet.
SPFR42- Spreidd fritidsbebyggelse	MDG	Det skal ikkje byggjast på myr i områda SPFR 40, 41 og 42	Merknaden er teke til følgje. Område med myr er utelate frå arealføremålet.
VA40-41	VLFK	Arealet til dei eksisterande akvakulturlokalitetane i sjø er vesentleg utvida. Fylkesutvalet støttar eit slikt grep, fordi det gir næringa meir fleksibilitet i høve drifta. Det bør gjennomførast konsekvensutgreiing for desse områda, for å avklare konsekvensane for andre interesser i områda rundt og i Dalsfjorden.	Merknaden er teke til følgje. Områda vert differensiert med eksisterande og framtidig og det vert gjort ei konsekvensutredning for utvidinga.
Den trondhjemske postveg	NAF	Gjere Den Trondhjemske Postveg mellom Dale og Flekke om til gang- og sykkelveg: NAF er positive til planar om å få etablert ein gang- og sykkelveg mellom Flekke og Dale for å betre forholda for gåande og syklende mellom desse to bygdene. Imidlertid har denne vegen historisk og kulturell verdi som det vil vere viktig å ta omsyn til, og vi er usikre på om vegen kan tilretteleggast godt nok utan at desse verdiane går tapt. Slik vegen ligg i dag frå skytebana i Stavsdaalen og opp til Stav og frå Hålandsfossen og opp til Stav, er det svært bratt stigning, og vegen er ueigna til sykling. Ein må gå av sykkelen og trille den i ein svært bratt bakke. Skal denne vegen vere eigna som gang- og sykkelveg vil fleire av bakkane måtte utbetrast og få ei slakare stigning. Den Trondhjemske Postveg har viktige kvalitetar som turveg i dag, og vi er redd for ei rasering av denne vegen. Vi håpar det kan la seg gjere å få etablert gang- og sykkelveg med minst moglege inngripen på Den Trondhjemske Postveg.	Merknaden er teke til følgje. Sjølv om denne låg inne som ei samferdslelinje for gang og sykkelveg er det ingen planar om å gjere dette om til ein gang og sykkelveg. Denne linja var meint som ein illustrasjon for å vise ein alternativ trasé for gåande og syklende. Vi tek vekk denne linja då denne kan vere misvisande.

Merknadar til reguleringsplanar

Plan	Avsendar	Merknad/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
------	----------	----------------	--------------------------------

Nistad på fv 57	NAF avd. Fjordane og ytre Sogn	Nistad på fv 57. Det er 80-sone på staden. Det er busstopp rett før ein sving og ungane må krysse vegen etter å ha gått av bussen (retning frå Dale).Det er dårleg sikt i svingen for trafikk som skal utover mot Dale. I 2019 var det ei dødsulukke og ei alvorleg ulukke med personskade på staden. NAF oppmodar om at ei løysing for dette området vert hensynteke i detaljreguleringa for fv 57. Fv 57 generelt. Smal og svingete veg med dårleg vegdekke og lite passasje, dårleg kurvatur, lite eigna for gåande og syklande, svake asfaltkanter og djupe grøfter, spesielt mellom Setenes og Strand. Vi føreset at dette vert hensynteke i vidare detaljregulering og utbetring av vegen.	Merknaden er teke til etterretning. Dette er tilhøve som blir løyst på detaljreguleringsplannivå.
-----------------	--------------------------------------	--	---